



Sjøforsvaret mot 2040

Eit forslag til framtidig styrkestruktur for Sjøforsvaret

Orlogskaptein Tor Ivar Strømmen

SJØMAKT 2040

Forskningsprosjektet «Sjømakt 2040» ved Forsvarets Høgskule Sjøkrigsskolen analyserer trendar og utviklingar i det maritime domenet på vegne av Sjef Sjøforsvaret og Sjøforsvarsstaben. Ved å fokusere på endringar og kontinuitet i geostrategi, maktbalansen på havet, teknologi og marinestrukturer samt deira oppgåver og oppdrag, studerer prosjektet påverknadar på Noregs trong for sjømakt i framtida.



*Denne publikasjonen er distribuert som ein del av forskingsprosjektet «Sjømakt 2040».
Synspunkta reflekterer ikkje utan vidare Forsvarets Høgskule, Sjøkrigsskulen eller Forsvaret sine egne.*

© Sjøkrigsskulen

Sjøforsvaret mot 2040

Eit forslag til framtidig styrkestruktur for Sjøforsvaret

Orlogskaptein Tor Ivar Strømmen

Nøkkelord

Sjømakt
Sjømaktsteori
Militærteori
Strukturplanlegging
Fagmilitært råd

Framsidedelete

Flotex 2017, fotograf Jakob Østheim. Hentet fra Forsvarets mediearkiv.

Sjømakt 2040

Rapport 2/19

ISBN

P: 9788293550181

E: 9788293550198

Godkjent av

Ståle Ulriksen

Prosjektleder «Sjømakt 2040»

Samandrag

No matter how clearly one thinks, it is impossible to anticipate precisely the character of future conflict. The key is not to be so far off the mark that it becomes impossible to adjust once that character is revealed.¹

Sir Michael Howard, britisk militærhistorikar

Denne rapporten sitt føremål er å presentere eit konkret framtidig strukturforslag for Sjøforsvaret. Forslaget er basert på omfattande studiar av geografi, militærteori, strategi, operasjonskunst, trugselaktørar (sjå Sjømakt 2040 Rapport 1/19), allierte og tryggingsspolitikk. Grunntanken har vore å kome opp med ei løysing som vil kunne løyse alle Sjøforsvaret sine viktigaste strategiske og operasjonelle roller, men med eit moderat kostnadsbilete. Dessutan er strukturskissa utarbeida for å gi Sjøforsvaret ein struktur som har høg grad av tilpassingsevne og fleksibilitet, og fokuserer på det fellesoperative framfor sjødomenet aleine. I samandrag, og utan utdjujing, er Prosjekt Sjømakt si skisse til framtidig struktur for Sjøforsvaret følgjande:

- Autonome sensorar og sambandsrele bør innførast i stort omfang.
- 4 havgåande fregattar med områdekapasitet innan anti-ubåt og anti-overflate, samt lokal anti-luft kapasitet.
- 6-8 korvettar med lokal anti-ubåt og anti-luft kapasitet, samt område anti-overflate kapasitet.
- 6 mineryddingsfartøy, kombinasjon av tradisjonelle minesveip og minejaktfartøy. Alle bør kunne føre og støtte autonome system.
- 3 landbaserte autonome kapasitetar i følgjande tre områder: Haakonsvern/Bergen, Trøndelag og Ofoten/Vestfjorden.
- 12 (små) kanonbåtar med evne til å engasjere og nedkjempe eit kvart overflatefartøy i kystsona, samt avgrensa kapasitet til indirekte eldstøtte til landmakta.
- Re-etablering av 3. bataljon (amfibisk kapasitet i hæren), støtta av 6 fartøy med kapasitet til å løfte eit stridskompani inklusive lette pansra køyretøy.
- KJK bør vidareførast i parallell med ei amfibisk satsing, då primært som ISTAR kapasitet for kystsona.
- 6 ubåtar med mineleggingskapasitet

¹ Benjamin M. Jensen, *Forging the Sword: Doctrinal change in the U.S. Army* (Stanford: Stanford University Press, 2016), vii.

- Sjøminer, både anti-overflate og anti-ubåt, kan med fordel inkludere mobile miner
- Eit stort logistikkfartøy, KNM Maud, for å støtte operasjonar som skal mogleggjere alliert mottak.
- 3-4 mindre fartøy for direkte støtte til MCM, korvett, kanonbåtar og amfibiske kapasitetar.
- Sikring av basestruktur
- Kystvakta bør styrkast og væpnast.

Innholdsoversyn

Samandrag

v

1	INNLEIING	1
2	GRUNNLEGGANDE TEORI	2
2.1	SAMANHENGEN MELLOM STRATEGI OG STYRKESTRUKTURAR	2
2.2	KVA ER STRATEGI?	3
3	NOREG SI FORSVARSTRONG – STRATEGISK TENKING SOM GRUNNLAG FOR STRUKTUR	4
3.1	GENERELT	4
3.1.1	<i>Utdjupande om interessebalanse og moderne krig</i>	6
3.3	NOREGS MILITÆRGEOGRAFI	8
3.4	OM RUSSLAND OG NOREG SIN KYST	8
3.5	RELASJONEN MELLOM LAND- OG SJØMAKT.....	9
3.5.1	<i>Sjøkontroll og sjønekting – kva er eigentleg det?</i>	11
3.5.2	<i>Sjøkontroll og sjønekting som relative og abstrakte omgrep – relevans for forsvarsplanlegginga?</i>	12
2.6	AVSKREKKING.....	13
4	SJØFORSVARET SINE STRATEGISKE OG OPERASJONELLE ROLLER	17
4.1	ROLLER I KRIG.....	17
4.2	KONFLIKTHÅNDTERING: FØREBYGGE OG AVSKREKKE	19
5	KONKRET STRUKTURSKEISSE	21
5.1	STRUKTURLØYSINGAR SOM IKKJE ER TILRÅDD	25
Litteraturliste		27

1 Innleiing

Prosjekt Sjømakt 2040: Rapport 19/2 kan lesast sjølvstendig, men byggjer i vesentleg grad på slutningar og funn presentert i Rapport 19/1. Det er difor tilråd å lese desse to rapportane i samanheng.

I rapporten tek eg utgangspunkt i sume aspekt ved strategisk tenking som er, bør eller kan vere, avgjerande for dei strukturval me må gjere for å skape ein mest mogleg tenleg forsvarsstruktur oppimot våre politisk-strategiske mål og det strategiske konseptet som er definert av styresmakter og Storting. Eg vil med andre ord ikkje fokusere på strategi *per se*, men på strategisk tenking. Samstundes, strategi og strategisk tenking er ikkje omgrep med vasstette skott seg i mellom. Forskjellen mellom omgrepa ligg primært i at ein i strategisk tenking vurderer ny empiri og nye erfaringar på basis av eksisterande omgrep og teoriar, for der igjennom å utvikle ny innsikt, medan strategi er bruk av allereie etablerte omgrep og teoriar for å utarbeide løysingar på aktuelle problem.² Forskjellen ligg altså primært i at strategisk tenking handlar om ny innsikt, medan strategi er praktisk bruk av eksisterande innsikt.

Rapporten er delt i fire bolkar. Først introduserast ein del grunnleggande vurderingar kring samanhengen mellom styrkestruktur, strategi og strategisk tenking. I neste bolk presenterast ein del vurderingar av Noreg si trong for sjømakt i samla bilete av Noreg si forsvarstrong. Tredje bolk omhandlar Sjøforsvaret sine roller i krig og i norsk konflikthandteringsstrategi. Til slutt presenterer rapporten ei konkret skisse til ein framtidig sjømaktsstruktur som er tilpassa den innsikt prosjekt Sjømakt 2040 har etablert. Denne delen er ikkje vurdert oppimot kostnad, men er søkt gjort så rimeleg som mogleg og inneber dimed ei rekkje kompromiss med føremål å maksimalisere effekt oppimot kostnad medan ein samstundes opprettheld ein differensiert, komplementær og fleksibel struktur.

Tor Ivar Strømmen
Orlogskaptein
Prosjekt Sjømakt 2040

² Parafrase av: Tommy Jeppsson and Inge Tjøstheim, *Militärstrategiskt tänkande i ett småstatsperspektiv: En Nordisk syn på militärstrategins roll* (Krigsvetenskapliga institutionen, Försvarshögskolan, 2005), s. 13.

2 Grunnleggande teori

2.1 Samanhengen mellom strategi og styrkestruktur

Force planning, like strategy, is also an art.³

Styrkestruktur har tre hovudrelasjonar til strategi. I eit hendingsperspektiv utgjer styrkestrukturen dei fysiske maktmiddel ein har tilgjengeleg for å nå militærstrategiske mål og understøtte politisk-strategiske mål. Med di ein styrkestruktur tek tid å byggje opp og er kostesamt å halde ved like, så er forventa trong for militærmakt ein anna viktig relasjon mellom styrkestrukturen og strategien. Eit tredje og meir diffust aspekt er relasjonen mellom eksistensen av ein struktur og dei strategiske opsjonar denne skaper, men som den ikkje var planlagt for.⁴ Ein fjerde dimensjon, som kjem i tillegg, er at val av strategi og struktur også vil resultere i mottrekk som gjere strukturvala mindre relevant eller endrar strategien sine føresetnader. Strategisk planlegging og samhøvet med styrkestruktur er altså ein dynamisk og kontinuerleg prosess.

Strategisk planlegging er den viktigaste rettesnora for god styrkestrukturplanlegging. For å få mest mogleg ut av avgrensa ressursar, så må me forstå kva me ynskjer å gjere og kvar, og korleis me må gå fram for å kome der. Ofte blir relasjonen mellom mål og middel tapt i kvikkleira av detaljerte målingar og spesifikke systemvurderingar. Greier me ikkje å heve oss over detaljane og ta innover oss relasjonen mellom mål og midlar, så blir me raskt pressa til å justere vore tryggingpolitiske mål slik at dei passer til våre midlar for å nå måla. Ein ubalanse mellom mål og midlar inneber altså ei alvorleg tryggleiksrisko.⁵

Planlegging av styrkestruktur, inklusive evner og kapasitetar, delast gjerne i to, strategiske val og strukturval. Dei strategiske vala handlar om å identifisera nasjonale interesser, nasjonale mål, den overordna tryggingpolitiske strategien. Den inkluderer dei tradisjonelle maktinstrumenta (politisk, økonomisk og militære), men også meir abstrakte påverkningsfaktorar som kultur og informasjon. Ein må på den eine sida vurdere faktorar som noverande og framtidig tryggleiksmiljø gjennom å sjå på trugslar, utfordringar, sårbare sider og moglegheitsrom. På den andre sida må ein sjå på faktorar som er både midlar og påverknadskrefter. Det kan til dømes vere rolla til og støtta frå allierte og venlege nasjonar, avgrensingar og moglegheiter internasjonale institusjonar gir, og effekten av ulike ikkje-statlege aktørar i tryggingssdomenet. Samstundes må ein erkjenne at ressursavgrensingar og teknologi er kritiske faktor som både formar, avleiar og driv fram utviklinga av strategi. Følgjeleg, i utforminga av styrkestruktur spelar både den militære strategien, budsjettstoda, samt eksisterande

³ Henry C Bartlett, G Paul Holman, and Timothy E Some, "The Art of Strategy and Force Planning," *Naval War College Review* XLVIII, no. 2 (1995): s. 114.

⁴ Tor Ivar Strømme, "Ei historisk-strategisk analyse av skandinavisk sjømakt, 1522-1814" (Master, Universitetet i Bergen, 2016), s. 68.

⁵ Mi omsetting og parafrase av: P. H. Liotta and Richmond M. Lloyd, "From Here to There: The Strategy and Force Planning Framework," *Naval War College Review* 58, no. 2 (2005): s. 125-26.

og ynskja militære evner inn på valet av storleik, samansetning og utrusting av styrkane. Likeins vil operasjonelle og dels taktiske utfordringar, gjennom dei konsept ein vel for å handtere dei, forme og påverke strategi og evner.⁶

2.2 Kva er strategi?

You may not be interested in strategy ... but strategy is interested in you.

Leon Trotsky⁷

Det ligg i vår natur å søke definisjonar for eit kvart konsept. Mange omgrep har tydelege definisjonar og avgrensingar, sume har ikkje. Strategi fell i den siste kategorien. Omgrepet strategi blir brukt overalt og med nærmast uavgrensa variasjonar av meiningsinnhald. Dette gir oss ikkje eit godt utgangspunkt for å drøfte korkje strategi eller drive strategisk tenking.

Strategi *kan* forståast som det som bind omgrepa strategiske føremål og strategiske føresetnader saman. Eit strategisk føremål er det du skal oppnå med strategien, medan ein strategisk føresetnad er dei tilhøva som definerer moglegheitsromma til strategien og er typisk eit resultat av summen av strategien sine dimensjonar, altså innanriks- og utanrikspolitikk, kommando og kontroll, geografi, finansiering, logistikk, førebuingar (administrative, rekruttering, trening og styrkestruktur), operasjonar, teknologi, informasjon og etterretningar, fienden, friksjon, usikkerheit og tid.⁸

Ei slik tilnærming er god dersom ein skal bruke strategisk tenking som utgangspunkt for planlegging av styrkestruktur for framtida. Ved å sjå strategi som ein kombinasjon av strukturar og løysingar så imøtegår ein utfordringa som ligg i at strategi ikkje er lineær, altså at ein har alltid ein tenkande, reagerande og agerande motstandar og difor at den logisk beste løysinga er ikkje alltid, og oftast ikkje i det heile, er den faktisk beste løysinga. Dette paradokset i strategien sin logikk eksisterer uavhengig av aktørane i konflikten. Grunna interaksjonen mellom aktørane, så er strategi altså dynamisk. I strategien kan difor ikkje ein røyndom eller eit sett med handlingar og hendingar halde fram på ubestemt tid.⁹ Når me derimot ser strategi som strukturar, som er vedvarande sanningar, og løysingar, som er kortsiktige realitetar, så gjer me tilnærminga meir varig og dimed betre eigna til langtidsplanlegging som strukturplanlegging.¹⁰ Eg vil difor ta utgangspunkt i strategien sine strukturar, altså strategien sine føremål og føresetnadar, medan dei faktiske løysingane, strategien, blir tona ned. Dette då mange av føremåla og føresetnadane til strategien vil endre seg langt saktare og i mindre grad enn strategien.

⁶ Dels basert på: *ibid.*, s. 125-27.

⁷ Richard D Hooker Jr, "Beyond Vom Kriege: The Character and Conduct of Modern War," *Parameters* 41, no. 4 (2011): s. 4. Hooker skriv "war" ikkje "strategy". Bruk av strategi er truleg ei meir korrekt tolking av Trotsky med di han eigentleg snakka om dialektikk når han ytra dette og då ein dialektikk i tråd med Marx sitt syn – i kort korleis motsetnadar leiar til konflikt som leiar til nye tilstandar som igjen leiar til nye konflikter, men kvar ikkje-materielle fenomen er bestemt av utviklinga i den materielle basis.

⁸ Michael Howard, "The Forgotten Dimensions of Strategy," *Foreign Affairs* 57 (1979): s. 975-86.. Lista er ikkje uttømmende; Colin S. Gray, *Modern Strategy* (Oxford: Oxford University Press, 1999), s. 23-44.

⁹ Parafrase av: Edward N. Luttwak, *Strategy: The Logic of War and Peace* (London: Belknap Press of Harvard UP, 2001), s. 1-19..

¹⁰ Inspirert av: Fernand Braudel, *The Mediterranean and the Mediterranean World in the Age of Philip II* vol. 1 (New York: Harper & Row, 1976), s. 16-21.

3 Noreg si forsvarstrong – strategisk tenking som grunnlag for struktur

3.1 Generelt

I cannot forecast to you the action of Russia. It is a riddle wrapped in a mystery inside an enigma.
But perhaps there is a key. That key is Russian national interest.

Sir Winston S. Churchill, i radiotale 1. oktober 1939.

I geopolitisk samanheng er Noreg ein småstat og ein status quo stat. Samstundes har Noreg strategiske ressursar og ein geostrategisk posisjon, som gjer at norsk statstryggleik ikkje kan sjåast i isolasjon frå resten av verda. Noreg kan i svært avgrensa grad, på eiga hand, kontrollere om det blir konflikt eller krig i vår region. Det er andre sine geostrategiske og geopolitiske interesser som avgjer dette. Det er altså kva våre ressursar gir av innverknad på andre, og verdien, i militærstrategisk samanheng, av vårt territorium, luftrom og våre farvatn for andre statar, primært stormakter, som avgjer om Noreg blir involvert i ei konflikt eller ikkje.

Årsaka til Noreg sitt Nato-medlemskap er vår utsette strategiske posisjon som nabo til Russland og som kyststat til dei militærstrategisk svært viktige nordlege havområda. Denne geografiske røyndomen gjer at me, mest uansett kor me ter oss og rustar oss, vil bli trekt inn i ei væpna konflikt mellom Russland og USA, og det same kor denne konflikten har si kjelde. Nato sin kollektive tryggleiksgaranti skal gjere at ei konflikt mot eit land vil vere ei konflikt mot Nato samla. For Noreg betyr det i røynda at eit angrep på Noreg vil vere det same som krig med USA. Grunntanken er at dette, for ein mogleg angripar, skal gjere kostnaden ved å utfordre norsk suverenitet, territoriale integritet og politiske handlefridom, så stor at kostnaden går lang utover mogleg gevinst. Så lenge alliansen har truverdige militær kapasitet og vilje, samt evne til å reagere tilstrekkeleg raskt i tid og rom, så vil alliansen framleis vere viktig for å førebygge krig og konflikt.

Det mest vesentlege bidraget Nato-alliansen gir i tryggingspolitikken vår, nesten uansett grad av truverd i tryggingsgarantien Nato representerer, er at den reduserer eller fjernar faren for bruk av militærmakt i bilaterale konfliktar mellom Russland og Noreg. Dette då interessebalansen i potensielle bilaterale konfliktar er til Noreg si føremon. Nærmast ei kvar slik konflikt vil handle om interesser som i isolasjon er viktigare for Noreg enn for Russland. Då vil det være ein kraftig ubalanse mellom kostnaden ei potensiell konflikt også med USA vil medføre, og gevinsten ein ville kunne oppnå gjennom å øve militært press på, eller bruke valdsmakt mot, Noreg. Diverre finnast eit unntak frå denne logikken. Dersom avgrensa maktbruk mot Noreg ikkje utløyser kollektive handlingar frå Nato, så er Nato som tryggingsspolitisk garanti daud, både for oss og for alle andre randstatar til Russland. I russisk strategi vil ei slik nedbryting av samhaldet i Nato vere av stor verdi gjennom at det vil gi Russland større handlingsrom og suksesspotensiale i ei rad ulike konfliktar. Følgjeleg, dersom Nato har lågt truverde og låg kohesjon, så finnast det utvilsamt eit moglegheitsrom kvar maktbruk mot Noreg kan tenkast nettopp for å øydelegge Nato og det heilt uavhengig av ein faktisk interessekonflikt mellom Russland og Noreg. I ei slik stode, så

vil interessebalansen ikkje vere til vår føremon. Å kvile seg berre på Nato er difor ein dårleg tryggingpolitisk strategi. Noreg bør søke også andre garantiar, dette slik at ein har større politisk handlefridom og gir Russland mindre strategisk handlingsrom. Forsvaret er ein viktig bidragsytar i etablering og vedlikehald av slike alternative tryggingsgarantiar, dette uansett om dei er implisitt eller eksplisitt.

I ei konflikt kor krig mellom Russland og USA allereie er eit faktum, eller dersom Moskva trur at ei slik konflikt ikkje er til å unngå, så vil det vere svært sannsynleg at Russland vil sjå det som føremålstenleg, og jamvel som naudsynt, å bruke militærmakt i og mot Noreg. Dette då Russland i ei slik stode vil forvente at Nato angrip den sårbare russiske maritime nord-flanken, og då potensielt også deira nukleære avskrekking. Ei forventning som kjem som ein logisk konsekvens av det er den einaste aksen for framføring av makt kor Nato kan projisere substansiell militærmakt direkte mot eit russisk strategisk tyngdepunkt. I tillegg vil eit slikt åtak samsvare med forventna amerikansk framferd, såkalla horisontal eskalering. Dette i refleksjon av den amerikanske maritime strategien frå 1980-talet, kvar nettopp horisontal eskalering var eit kjerneelement.¹¹ Sentrale amerikanske militære leiingar hevar fram denne framgangsmåten også i dag. Til dømes har Admiral Foggo, sjef U.S. Naval Forces Europe, argumentert i den leia i fleire samanhengar og har også nytta hangarskipet USS Harry S. Truman på ein måte som kan sjåast som ei stadfesting av ei horisontal eskaleringdoktrine.

Strategiske og taktiske atomvåpen har ei vital rolle i Russland si strategiske avskrekkingsevne, altså i deira evne til å kontrollere militær eskalering av ei konflikt og dimed også i deira mogleighetsrom for å bruke militære verkemiddel for å fremje politiske mål. Dette uansett om ein snakkar om konflikt med ei anna atommakt, eller ei konflikt med ein konvensjonelt numerisk eller teknologisk overlegen fiende.¹² Russland har ei vedvarande trong for å sikre eigen eskaleringsdominans og spesifikt si kjernefysiske andreslagsevne. I overskodelig framtid vil Russland sin stormaktsposisjon, tryggingpolitikk og avskrekkingstrategi i sin siste instans kvile på operasjonsfridomen til deira strategiske undervassbåtar og infrastrukturen som støttar desse. Russland har altså eit av sine absolutte strategisk tyngdepunkt i vår bakgard. Denne kapasiteten er så avgjerande for russisk statstrygging at dei, om naudsynt, vil ty til eit forkjøpsangrep på Noreg for å trygge den. Følgjeleg, dersom Russland ser det som sannsynleg at dei vil kome i ei væpna konflikt med USA/Nato, uansett kor, så vil dei treffe strategisk defensive tiltak for å trygge seg. Ein slik strategisk defensiv kan svært gjerne vere operasjonelt offensiv. Den vil nesten uansett framgangsmåte involvere norsk territorium (land, sjø og luft). Nato avskrekkar altså ikkje krig i og mot Noreg i ein slik situasjon, Nato vil då dels vere den faktiske årsaka til krig i vår region. Det er samstundes ikkje eit argument for alliansefridom, altså for at Noreg bør gå ut av alliansen. Dette då denne strategiske røyndomen er uavhengig av om Noreg er medlem eller ei. Krigen kjem uansett til oss og alliansen gir oss betre spelerom for å handtere den.

På eit overordna nivå har Noreg sin tryggingpolitiske tilnærming lenge vore kva me kallar «Den doble balanseringa», der me balanserar vårt tilhøve til Russland mellom avskrekking og avspaning. Det primære verkemiddelet for dette har vore og er vårt Nato-medlemskap kor me balanserar mellom integrasjon og skjerming oppimot våre alliansepliktar og våre allierte.¹³ Dette byggjer på forståinga av at eit forsvar som brukast til å førebygge og avverje krig grunnleggande skal manipulera interessebalansen mellom aktørane slik at kost-nytte vurderingane til motstandaren gjer at dei avstår frå tvangs- og valdsmakt. For å oppnå dette, så må me handheve suverenitet og ivareta suverene rettar på ein føreseieleg og truverdig måte. Det inkluderer også at me sjølv må handtere våre allierte si trong for overvaking og militært nærvær i vår del av Arktis. Vidare må Noreg oppretthalde ein forsvarsterskel som gir oss spelerom slik at ei konflikt ikkje «blir for stor for oss, men for liten for Nato». Sentralt

¹¹ Michael Fitzsimmons, "Horizontal Escalation: An Asymmetric Approach to Russian Aggression?," *Strategic Studies Quarterly* 13, no. 1 (2019): s. 96-97.

¹² Sjå t.d.: Märta Carlsson, Johan Norberg, and Fredrik Westerlund, "Military Capability of Russia's Armed Forces in 2013," *Russian Military Capability in a Ten-Year Perspective—2013* (2013): s. 65.

¹³ Sjå Johan Jørgen Holst, Kenneth Hunt, and Anders C. Sjaastad, *Deterrence and Defense in the North*, Norwegian Foreign Policy Studies (Printed Version) (Oslo: Norwegian University Press, 1985), s. 8. for ei grundig utgreiing av den doble balanseringa. Sjå og: Hanne H Bragstad, "Avskrekking Og Beroligelse I Norsk Sikkerhetspolitikk Overfor Russland" (Masteroppgave, Forsvarets høgskule, 2016).

i ein slik terskel er tapspåførande evne, hindring av situasjonar som kan resultere i eit russisk *fait accompli* (ei stode kvar dei raskt når sine operasjonelle mål mest utan tap og som vil vere svært kostesam å reversere), samt og ikkje minst, ein må legge til rette for rask, trygg og føremålstenleg forsterking av Noreg med allierte styrker. I both ligg heile vegen Nato sitt truverde som tryggingspolitisk garantist. Følgjeleg er innsats for å styrke og oppretthalde Nato sin relevans og kohesjon heilt avgjerande for å førebyggje og avverje krig.

I ei konflikt, og då uansett om den er bilateral, regional eller global, så vil ambisjonen til ein småstat primært vere å forme motstandaren si framferd på ein måte som inneberer minst mogleg politisk-strategisk skade for småstaten, og sekundært å bidra til å mogleggjere at alliansen samla kan møte tvang- og valdsmakta på ein måte som gjer at fredsslutninga blir på våre vilkår.

Å forme Russland sine operasjonar i ein krig handlar om å nekte dei å nå sine operasjonelle mål, det vil seie å evne å påføre dei kostnad over tid og i eit omfang som gjer at dei veljar vekk handlemåtar som vil påverke oss i stor grad. Å støtte våre allierte sin strategi handlar grunnleggande, som frontlinestat, om å kunne ivareta eiga trong for militærmakt på ein måte som er minst mogleg ressurskrevjande frå våre allierte. Dertil må Noreg bidra til å nekte russiske operasjonar som utgjer ein trugsel mot alliansen samla, og Noreg må bidra til å mogleggjere at alliansen kan føre fram avgjerande makt mot Russland. Alt dette inneberer samla, særleg med di me er nærmaste nabo til Russland sitt strategiske tyngdepunkt, at Noreg må kunne møte ei kvar form for tvang- og valdsmakt augneblkkeleg og vedvarande. Dette stiller krav til eit balansert og komplementært forsvar. Etablerer Noreg ein struktur som ikkje kan løyse oppdrag utan vesentleg Nato-bidrag, eller kvar Noreg berre har delar av ein fullstendig og komplementær struktur, så vil Noreg utgjere ei utfordring for alliansen, ikkje ei styrke.

Noreg sitt forsvar må vidare ha høg grad av vernebuing, vere fleksibelt, og må ha uthaldingsevne. Desse tre faktorane er ytterlegare understreka av moderne langtrekkande presisjonsvåpen, av at russiske kampeiningar har høg vernebuing, og av at dei russiske militærmaktskonseptane er, i struktur, innretting og planverk, innretta på ein kort eksplosiv krig om avgrensa mål. Diverre har me aldri i historia stått i ei stode kvar eit strategisk overfall har hatt større sannsyn for å lukkast enn i dag. Eit forkjøpsåtak eller eit omfattande uvarsla strategisk overfall har eit betydeleg, og langt større enn tidlegare, potensiale for å oppnå ei *fait accompli* stode på taktisk, operasjonelt og strategisk nivå. Ein røyndom som er særleg viktig for ein småstat som sit på geografisk viktige områder i ei stormaktskonflikt. Noreg utgjer også eit potensielt oppmarsjområde for avgjerande maktprojeksjon mot russiske strategiske tyngdepunkt, og står ovanfor ein regionalt overlegen motstandar, ein motstandar som har som uttalt strategisk metode å eskalere raskt, slå tungt, låse stoda og tvinge fram de-eskalering på sine vilkår.

3.1.1 Utdjupande om interessebalanse og moderne krig

Krig og diplomati er ikkje berre alternative løysingar på ei konflikt. Poenget med krig er å påverke utfallet av forhandlingar, krig er difor også ein måte å drive diplomati. Difor kan ein seie at hovudfunksjonen til makt i forhandlingar er å betre sin eigen posisjon gjennom å auke kostnaden for motstandaren dersom den ikkje er viljug til kome til einigheit på dine premiss. Styrke kan gi dette resultatet også når både sider kan bruke makt mot kvarandre, så lenge den eine sida ser det som sannsynleg at dei vil lide proporsjonalt mindre enn den andre. Krigar mellom statar har difor oftast handla om avvæpning, altså ei stode kvar både sider søker å kome i ein posisjon kvar dei kan straffe motstandaren unilateralt gjennom først å øydelegge hans militære styrker. I ei tid med atomvåpen med total og gjensidig øydeleggingskapasitet, så denne forma for krig mellom stormaktene *de facto* utdatert. Ein total siger er ikkje lengre mogleg ettersom ein total siger også vil innebere eit totalt nederlag grunna gjensidig utsletting. At totale sigar i krig mellom stormakter dimed ikkje lengre er mogleg betyr samstundes ikkje at krig er passé. Røynda er at konvensjonelle krigar faktisk kan bli meir sannsynleg, og det ettersom ein krig faktisk er diplomati. Krig blir eit middel som ein nyttar for å betre sin eigen forhandlingsmakt.

Difor kan statar velje å gå til krig sjølv om det forventta utfallet av krigshandlingane er ei fastlåst stode kvar ingen av sidene kan vinne utan å eskalere. Dette føreset at dei trur at ei fastlåst stode vil tvinge fram vilje til kompromiss, og då helst eit kompromiss som tener ein sjølv.¹⁴ Følgjeleg er det omfanget på og verdien av interessene ein er i konflikt om som vil vere avgjerande. Handlar krigen om interesser som både sider ser som eksistensielle, så vil vilja til kompromiss vere låg nærmast uansett eskaleringspotensiale. I ei slik stode vil atomvåpena kunne hindre krig. Handlar konflikten om meir perifere interesser for den eine eller andre sida, så er konfliktpotensialet stort med di vilja til å bruke makt for å betre eiga forhandlingsstode då ikkje vil bli dempa av frykta for eskalering. Tvert imot vil då eskaleringstrinna utgjere verktøyet ein nyttar for å tvinge fram kompromissvilje på basis av militær stode på eit gitt tidspunkt.

Ubalanse i interesser, og krig som diplomati, er difor krigsfremjande, men samstundes gir ubalanse i interesser eit stort potensiale for småstatar si sjølvhending også i ei konflikt med ei stormakt. I boka «Torskekrig!» syner Jacob Børresen på ein framifrå måte at det røynelege makttilhøvet i ei konflikt er meir enn ei summering av deira respektive maktinstrument. Maktbalansen er ein funksjon både av partane sine subjektive vurderingar av kor viktig konflikten sitt tema er for dei sjølv og motstandaren, altså interessebalansen, og ei subjektiv vurdering av eigen og motparten si forhandlingsmakt – den eigentlege maktbalansen. Forhandlingsmakt handlar om engasjement og forplikting for å nå sitt objekt, samt eins evne til påføre motparten kostnad, no og i framtida. I innleiinga av ei konflikt vil dei akkumulerte kostnadane føre til auka verdi av konfliktojektet for både sider, men dersom ei konflikt skrur fram utan ei løysing i sikte, så vil partane gradvis få auka fokus på å redusere framtidige kostnadar. Det leier igjen til endra målsetjingar, målsetjingar som i utgangspunktet var uforlikelege vil nærme seg kvarandre.¹⁵ I ei slik stode vil ein oftast kunne kome til ei semje som langt på veg reflekterer interessebalansen i utgangspunktet.

Dette er i alle høve teorien, ein teori som har mykje før seg når det faktisk er ein ubalanse i interessene konflikten handlar om. Samstundes heftar det fleire utfordringar med ei slik asymmetrisk tese. For det første, så er relativ makt eit dårleg måltal på relativ vilje til å velje krig eller fred. I fredstid kan ei stormakt opptre som om deira overleving er på spel også når den ikkje er det. Ein stat kan til dømes, og rasjonelt, kalkulera at ein alliert sitt nederlag vil undergrave andre statar si oppfatning av eins påverkingsevne og prestisje. Dette i erkjening av at forhandlingsmakt og prestisje er relative omgrep. Slike kalkuleringar er også gjensidig forsterkande, ein får ein dominoeffekt kvar ein serie med individuelt uviktige interesser blir lenka saman på ein måte som gjer at det akkumulerte resultatet utgjer ein materiell trugsel mot eiga overleving.¹⁶

Ser me på Noreg si strategiske stode, så er det primært to ulike kategoriar for interessekonfliktar som har potensiale for krigshandlingar i eller mot Noreg. Den første kategorien handlar om rett til å bruke og hauste frå havet, og er primært ein bilateral kategori. Her vil våre interesser, uansett om det gjeld Svalbard, kontinentalsokkelen, skipsfart eller hausting av ressursar frå eller under havet, truleg vere langt større enn kva dei vil vere for våre motstandarar. Dimed vil me ha eit vesentleg spelerom for eige maktbruk som kan leie til ei kostnadsutvikling, militært, politisk og økonomisk, som gjer at våre motstandarar, t.d. Russland, vil innsjå at vidare aggresjon ikkje vil føre fram. Konflikten sin verdi vil rett og slett vere for liten for dei oppimot akkumulasjonen av kostnadar. Utfordringa, som alltid ligg der i møte med ei stormakt, er at prestisje og omdømme også blir viktig. Ei stormakt sin stormaktsposisjon kviler like mykje på korleis andre ser henne som på røyndomar i maktbalanse. Følgjeleg, kan ein uavgrensa maktbruk eskalere konflikten til å handle om mykje meir enn konflikten sitt utgangspunkt, ein endrar interessebalansen gjennom å påføre kostnader som utvidar konflikten.¹⁷

¹⁴ Parafraze av: R. Harrison Wagner, "Peace, War, and the Balance of Power," *American Political Science Review* 88, no. 3 (1994): s. 600-04.

¹⁵ Jacob Børresen, *Torskekrig! : Om forutsetninger og rammer for Kyststatens bruk av makt* (Oslo: Abstrakt forl., 2011), s. 219.

¹⁶ Ivan Arreguín-Toft, "How the Weak Win Wars: A Theory of Asymmetric Conflict," *International Security* 26, no. 1 (2001): s. 98.

¹⁷ Dette synet finn ein også, i noko grad, i: Børresen, *Torskekrig! : Om forutsetninger og rammer for kyststatens bruk av makt*, s. 230. Om prestisje som faktor i statsvitskapen og i forståinga av konfliktar, sjå t.d.: Daniel Markey, "Prestige and the Origins of War: Returning to Realism's Roots," *Security Studies* 8, no. 4 (1999).

I den andre bolken med konfliktkategorien kvar krigshandlingar kan tenkast brukt i eller mot Noreg finn me konflikthar mellom Russland og Nato/USA. I ei stode kvar Russland ser prekær trong for å trygge operasjonsfridomen til sine strategiske ubåtar og deira vitale infrastruktur, så snakkar me om ei stode kvar interessene til Russland er eksistensielle i deira auge. Då står me altså ovanfor ei stode kvar interessebalansen ikkje er til vår føremon i isolasjon, sjølv om den kan vere det i eit globalt perspektiv. I ei slik stode vil det vere andre faktorar enn akkumulert kostnad over tid, i konflikten mellom Noreg og Russland i isolasjon, som avgjer om me får ei gradvis tilnærming i syn grunna trong for avgrensing av framtida sine kostnader. Følgjeleg vil me i ei slik stode måtte fokusere på oppretthalde vår relative posisjon og understøtte allierte framfor eiga eskalering. Faktisk vil vår politiske handlefridom og graden og omfanget på maktbruk mot oss heller vere eit resultat av kva grad av trugsel me, direkte eller indirekte, utgjer mot Russland sine strategiske tyngdepunkt, og ikkje eit resultat av interessebalansen bilateralt. Ei slik erkjenning inneber at Den kalde krigen sin krigsførebyggande politikk og strategi, altså balanseringa mellom avskrekking og forsikring, har vesens verdi også i dagens tryggingpolitiske stode.

3.3 Noregs militærgeografi

Noregs militærgeografi har nokre vedvarande spesifikke karakteristikkar som må framhevast. For det første er grensene og territoriet vårt i stor grad uframkommeleg for større landsstridseiningar. Ser me derimot kysten som ei grense, så er Noregs territorium ikkje lengre utilgjengeleg og uframkommeleg. Ein motstandar som har og kan bruke sjømakt for å få tilgang er difor Noregs farlegaste motstandar. Den som kontrollerer havet opnar vår faktiske strategiske grense. Nokre statar, som Frankrike og Russland, kan gi opp periferien og trekke seg attende til hjarta av sine land. Det kan ikkje Noreg med di periferien, altså kysten, er Noregs hjarteland. Geostrategisk er Noreg difor eit paradoks. Kysten er ikkje berre Noregs strategiske grense, men vårt strategiske tyngdepunkt. I tillegg, så er det kysten og leia som binder landet saman, ikkje dei innanlandske kommunikasjonsårene. Difor vil den som kontrollerer havet kring oss ikkje berre ha tilgang til vårt strategiske tyngdepunkt, men vil også kontrollere kommunikasjonane og kan der igjennom isolere deler av landet og utnytte overlegen evne til konsentrasjon av kampkraft kor og når dei ønskjer.

I krig, som i fredelig kappestrid, søker aktørane å utnytte sine sterke sider og beskytte sine svake. Noregs største militære styrke, men samtidig vår store svakheit er vår geografi. Me har ein geografi som tving både oss og ein motstandar til å bruke kommunikasjonslinene til sjøs. Noreg har også ein geografi som gjer at den som beherskar kystsona har store taktiske og dels operasjonelle føremoner. Skjergarden vår utgjer eit eige stridsdomene kor korkje dei havgåande flåtane, eller ein konvensjonell hærstyrke vil kunne operere effektivt. Samtidig, dersom nokon faktisk set seg fast på kysten vår, så vil dei ikkje berre kunne utnytte kysten på same måte som me gjer, men dei vil dominere heile vårt militære og sivile handlingsrom i langt større grad enn kva ei avgrensa styrke normalt vil kunne gjere.

Ikkje berre er Noregs strategiske hjarteland vår kyst, men i tillegg er Noreg militærstrategisk ei øy. Me er skilt frå våre allierte med hav. Ei kvar substansiell forsterking av Noreg må difor også komme over og frå havet og inn i vår kystzone.

3.4 Om Russland og Noreg sin kyst

Føreset me at Russland i ei konflikt med USA ønskjer å:

- a) etablere djupne i forsvaret av sine strategiske kapasitetar,
- b) nekte operasjonsfridom for amerikanske/allierte offensive kapasitetar, samt

- c) hindre overføring av allierte landstridskrefter til frontlinestatane,

så blir vår kyst og våre havområde sin strategiske verdi ytterlegare tydeleg. Dette då Russland no byggjer ei marine kor tyngdepunkta ligg i ei rekkje små konvensjonelle fartøy og ubåtar, som alle fører langtrekkande presisjonsvåpen. Fartøy som har avgrensa evne til operasjonar på det opne hav grunna storleik og skrogform, og som vil vere svært sårbare i dei same farvatna grunna dårleg eigentrygging. Dette materiellet og landbaserte områdenektingskapasitetar i form av høgkapable missilssystem, samt meir tradisjonelle midlar som sjøminer og luftmakt, utgjer i større og større grad verktøykassa Russland har i det militære domenet i vår region. I tillegg syner russisk doktrineutvikling ei dreining i retning av avstandsleverte våpen og vektlegging av den innleiande fasen i krigføringa, men også ei vidareføring av tradisjonell russisk militærtanking, som bruk av skjul, overrasking, overveldande eldkraft og asymmetriske tilnærmingar.

Alt i alt betyr ei slik strukturutvikling at Russland må utnytte absolutt geografi, som vår kyst, for å kunne oppnå djupne i nektinga si, for å utgjere ein vedvarande avskrekkingseffekt og for å eventuelt kutte maritime kommunikasjonar. På det opne hav vil dei vere ineffektive, sårbare og vil mangle uthaldingsevne. I kystsona vår, særleg dersom dei møter lite motstand, eller dersom dei kan kombinere bruk av Noreg sin kyst med eigentrygging under framskotne nektingsnoder, vil dei kunne oppnå vesentleg betre taktisk trygging, større fleksibilitet og større påverkingsevne enn på og frå det opne hav.

3.5 Relasjonen mellom land- og sjømakt

Maritime operasjonar kan hevdast å alltid vere sjøkontroll, sjønekting, flaskehalskontroll, operasjonsbasekontroll, å øydelegge eller svekke fienden og å oppretthalde ressursutnytting og merkantil verksemd.¹⁸ Ein kan difor hevde at maritim operasjonskunst kan forståast utan tilpassing til kontekst. Det meiner eg vil vere ei feiltolking med di sjøkontroll og sjønekting er relative omgrep. Sjøkontroll og sjønekting er alltid avgrensa i tid og rom, dei inneber alltid ein akseptert risiko, og dei har alltid eit føremål.¹⁹ Corbett la dessutan vekt på at dersom ein aktør mista kontroll, så betyr ikkje det at den andre sida får kontroll.²⁰ Normaltilstanden er at ingen av sidene har kontroll, altså at kontrollen er omstridd. Det er denne normaltilstanden av omstridd kontroll den maritime operasjonskunsten skal handtere.²¹

Noreg er ein nasjon som er grunnleggande maritim både geografisk og økonomisk. Det betyr likevel ikkje at Noreg primært må ha ein maritim strategi, eller berre ein marinestrategi, som sitt strategiske utgangspunkt. Det me må forstå er korleis interaksjonen mellom land- og sjødomena er i ein strategisk samanheng. Den grunnleggande samanhengen finn ein skildra i Corbett sitt tidlause postulat: «*Menneskja bur på land, ikkje på havet, sjøkrig gir difor berre strategisk meining gjennom korleis utfallet påverkar hendingsgangen på land*».²² Derav fylgjer at land- og sjømakt må brukast og sjåast på som ein heilskap dersom ein skal realisere dei føremonane bruk av havet gir.²³ Ein studie av strategi for ein maritim stat, er difor ein studie av militærstrategi generelt, ikkje sjømakt aleine. Om ein i det heile kan snakke om ein marinestrategi, så er det dei aspekt ved militærstrategien som føreset eller involverer sjømakt. For Noreg sin del er desse aspekta svært mange, så mange og så viktige at ei kvar konflikt i vår region vil bli langt på veg dominert av maritim strategi. Norsk maritim strategi er difor ein konstant og sentral komponent i Noreg sin militærstrategi framfor å berre vere ein komplementær underordna del av denne strategien.

¹⁸ Milan Vego, *Operational Warfare at Sea: Theory and Practice*, 2. ed. (London: Routledge: Taylor & Francis, 2017), s. 26.

¹⁹ Sjø t.d.: Jerker Widén and Jan Ångström, *Militärteorins Grunder* (Stockholm: Försvarsmakten, 2004), s. 220-21.

²⁰ Julian S. Corbett, *Some Principles of Maritime Strategy*, (London: The Project Gutenberg eBook, 1911:2005). s. 91.

²¹ Ibid.

²² Julian S. Corbett, *Principles of Maritime Strategy*, redigert. London (Dover Publications, 1911:2004), s. 14.

²³ Ibid., s. 9.

Uansett korleis ein plasserer det maritime i strategien, så er det føremålstenleg å sjå litt nærmare på korleis sjømakt verkar innanfor militærstrategien. Sjøherredøme er det viktigaste omgrepet i klassisk sjømaktsteori. I moderne tid nyttar ein ofte omgrepet sjøkontroll i staden for sjøherredøme. Dette då omgrepet sjøherredøme lett kan gi assosiasjonar om noko absolutt og altomfattande, medan røyndomen er at sjøherredøme alltid er meir eller mindre temporært og geografisk avgrensa. Dette er ei feiltolking. Sjøherredøme og sjøkontroll er ikkje synonyme termar. Sjøherredøme er summen av eins evne til å etablere sjøkontroll der og når ein har trong. Sir Winston Churchill har formulert denne samanhengen på ein framifrå måte:

When we speak of command of the seas, it does not mean command of every part of the sea at the same moment, or at every moment. It only means that we can make our will prevail ultimately in any part of the seas which may be selected for operations, and thus indirectly make our will prevail in every part of the seas.²⁴

På eit taktisk og operasjonelt nivå, så er sjøkontroll både middelet som mogleggjer sjømakta sitt føremål og målsetninga for sjøkrigen. Corbett seier at «*målet med sjøkrig alltid må vere direkte eller indirekte å etablere sjøkontroll eller å hindre motstandaren frå slik kontroll.*»²⁵ På strategisk nivå er sjøkontroll difor eit middel som mogleggjer framføring og levering av makt over og frå havet, medan dei midlar ein nyttar for å etablere, utnytte og stride imot sjøkontroll primært er aktivitetar på operasjonelt eller taktisk nivå.²⁶ Sjøkontroll inneber ikkje eigedomsrett, men moglegheit til å utnytte. Verdien ligg ikkje i ei fysisk erobring som på land, men i korleis havet kan brukast for å påverke situasjonen på land.²⁷ Corbett hevdar difor at sjøherredøme «*inneber ingenting anna enn kontroll over maritime kommunikasjonar for anten merkantile eller militære føremål. Målet med sjøkrig er kontroll med kommunikasjonar, ikkje erobring av territorium.*» Det overordna føremålet med sjømakt er altså å påverke situasjonen på land gjennom å kontrollere kva som blir ført fram over og levert frå havet. Det er på land ein krig blir avgjort, medan sjøkrigen berre skaper føresetnader for ei avgjersla på land.²⁸

Den potensielle påverkingskrafta maritim maktprojisering har vil variere utifrå geostrategisk kontekst, altså kva for ei målsetjing ein har med krigen og i kva geografi krigen finn stad. Generelt kan ein hevde at dess meir maritimt orientert antagonistane er, di meir effektiv vil maritim maktprojisering vere. Ein maritim nasjon, som Noreg, vil difor kunne tape ein krig dersom ein taper på havet. Dette grunna dei indirekte effektane tapet av maritime kommunikasjonar vil ha på innanrikssituasjonen og på eins evne til å bruke makt der og når det trong for den. Følgjeleg, for Noreg, med sin særmerkte strategiske geografi, vil virkemidlane sjøkontroll og sjøneking vere av avgjerande betydning for vår strategi. Berre gjennom eigen sjøkontroll kan me oppretthalde manøver og transportfridom og berre gjennom sjøneking kan me hindre ein fiende tilgang til vårt strategiske hjartetland, kystsonen.

Dertil, ettersom Noreg og norsk territorium gjerne berre vil vere ei brikke i eit større strategisk bilete, så kan våre politisk-strategiske mål bli undergrave eller umoglege sjølv om striden på havet ikkje påverkar stoda på land i Noreg direkte. Ei svekking av våre allierte si evne til å utnytte maritime kommunikasjonar kan medføre at dei allierte samla lir strategisk nederlag uansett om Noreg isolert sett opprettheld fysisk kontroll over norsk territorium. Dimed kan sjøkrig i norske farvatn indirekte leie til norsk nederlag uansett korleis stoda på land i Noreg er når kamphandlingane tek slutt. Å tenke forsvar av Noreg i isolasjon, eller Noreg som berre ein importør av tryggleik, er difor ei strategisk feilslutning. Vår evne til å påverke den større stoda har potensiale for å vere avgjerande viktig for andre og dimed også for oss.

²⁴ David S.T. Blackmore, *Warfare on the Mediterranean in the Age of Sail: A History, 1571-1866* (Jefferson: McFarland Incorporated Publishers, 2011), s. 50.

²⁵ Corbett, *Principles of Maritime Strategy*, s. 87.

²⁶ Geoffrey Till, *Seapower: A Guide for the Twenty-First Century* (London: Frank Cass, 2004), s. 162.

²⁷ Corbett, *Principles of Maritime Strategy*, s. 90.

²⁸ Sergei G. Gorshkov, *The Sea Power of the State* (Annapolis: Naval Institute Press, 1979), s. 242.

Ein vanleg idé i sjømilitærtanking er at ei lita sjømakt må konkurrere symmetrisk med sin sterkare motstandar for å nå sine mål.²⁹ Det er også ein farleg og feil ide. Små marinar har spesifikke og distinkte føremål, funksjonar og karakteristikkar i sin eigen kontekst. Noreg har militærstrategiske mål som er avgrensa og distinkte. Dette mogleggjer skreddarsaum av norske maritime styrker oppimot nettopp dei spesifikke strategiske tilhøva og målsetjingane Noreg har. Følgjeleg, ein må ikkje engasjere motstandaren symmetrisk for å ha ein strategisk effekt.

3.5.1 Sjøkontroll og sjønekting – kva er eigentleg det?

Omgrepa sjøkontroll og sjønekting blir ofte oppfatta som ambisjonar og som noko konkret. Det er ei grunnleggjande misforståing. Sjønekting og sjøkontroll er relative omgrep. Dei er relative i forhold til tid, rom og akseptert risiko. Ikkje minst er dei relative omgrep i forhold til kva ein skal oppnå og i forhold til interessebalansen i konflikten.

Viktigast for å forstå omgrepa er det faktum at sjøkontroll og sjønekting ikkje har eigenverdi. Dei er berre omgrep som skildrar tilstandar som mogleggjer eller hindrar noko. Eit geografisk havområde har ingen militær verdi i seg sjølv. Det er først når ein sjølv, ein motstandar, eller både, ynskjer å føre fram maritim makt i, gjennom, eller frå eit havområde at havområdet får faktisk militær verdi. Sjøkontroll er altså eit verkemiddel som tillèt ein å føre fram makt der og når ein ynskjer, og det med ein akseptert risiko. Det er kva, kor og når me skal føre fram makt på, over og frå havet som er føremålet med sjøkontroll, og difor også den styrande faktor for kva sjøkontroll røyngleg inneber i kvar einskild samanheng. Dessutan, framføring av makt over, på og frå havet skjer ved hjelp av fartøy eller frå fartøy, samt i avgrensa grad ved hjelp av luftmakt. Noko som betyr at det er fartøya som utgjer måla som skal tryggast eller hindrast. Den absolutte geografien er difor ikkje viktig i seg sjølv. Geografien har verdi primært som ein formativ faktor for kor maktprojeksjonen har sitt opphav og sin destinasjon, og for kor våre kapasitetar best kan utnyttast relativt til fienden.

Kva ein akseptert risiko er oppimot omgrepet sjøkontroll kan vanskeleg talfestast. Kva risiko fienden er viljug til å akseptere er eit resultat av kost-nytte vurderingar, og då helst kost-nytte vurderingar på eit overordna, strategisk, nivå. Sjøkontroll er difor primært eit abstrakt omgrep. Når nytteverdien av ei handling overstig konsekvensane av sannsynlege tap, så har ein naudsynt sjøkontroll. Persepsjon av sannsynlege tap versus ynskja gevinst er altså den faktiske realiteten i omgrepet sjøkontroll, og persepsjon er lite anna enn ein meir eller mindre abstrakt og dynamisk konstruksjon i det kognitive domenet, og slett ikkje ein fysisk røyndom.

Det same ser me med omgrepet sjønekting. Sjønekting i tid og rom har me berre når ein motstandar avstår frå å bruke eit havområde når motstandar sjølv ynskjer eller ser trong for det. I det augneblikk ein motstandar utfordrar oss i eit område, med det føremål å framføre makt eller for å legge til rette for ei framføring av makt, så har ein ikkje lengre sjønekting. Då har ein kamp om sjøkontroll. Ein står då i ei stode kor fienden anten søker å etablere ein tilstand som tillèt maritim maktprojeksjon, eller ei stode der motstandaren allereie gjer dette. Målsetjinga til den nektande sida er då å på nytte etablere ein tilstand kor fienden avstår frå å utfordre ein, alternativt å forme fienden sine handlingar slik at dei kan handterast med minst mogleg negativ konsekvens.

Følgjeleg, når me skal vurdere ambisjonsnivå og strukturtrong for sjøkontroll og sjønekting, så må me først etablere ei forståing av eigne og fiendtlege overordna mål, eller rettare, den militære nytteverdien for både sider av å føre fram makt over, på eller frå havet, eller av å hindre dette. Slike verdivurderingar spring ut av fleire tilhøve. Viktigast er konflikten sin karakter, dei overordna mål, og den akkumulerte effekt på ein maktinstrument sin kapasitet til å gjennomføre ein eller fleire andre taktiske og operasjonelle oppdrag og oppgåver i tid og rom. Dette inkluderer kva målsetjingar som må nåast i parallell og i serie, og kva alternative måtar desse måla potensielt kan nåast på. Alt dette kan grunnleggjande førast tilbake til interessebalansen i konflikten, eskaleringspotensialet i

²⁹ John B. Hattendorf i: Rolf Hobson and Tom Kristiansen, red., *Navies in Northern Waters, 1721-2000* (London: Frank Cass, 2004), s. 151-52. and James R. Holmes, "Small Navy, Strong Navy," *The Diplomat*.

konflikten, eskaleringsdominans og trongen for å kunne de-eskalere. Samla ser me då korleis det er dei overordna politisk-strategiske målsetjingane som ligg til grunn for verdivurderinga og dimed med for kost-nytte kalkulasjonane som avgjer kva som er akseptabel risiko.

For sjøkontrollomgrepet betyr dette at dess høgare den potensielle verdien av ei handling er, dess større risiko kan ein akseptere. For sjønekting er denne tilnærminga meir kompleks. Har me ein gunstig interessebalanse, altså ei konflikt kor konflikten si kjerne er viktigare for oss enn for motstandaren, så vil nytteverdien til fienden av maritim maktprojeksjon vere relativt lågare enn dersom interessebalansen er i motstandaren sin favør. Følgjeleg, dersom interessebalansen er i vår favør, så kan me oppnå ein gunstig kost-nytte balanse ved hjelp av relativt avgrensa midlar, jamvel med midlar med avgrensa tapspåførande potensiale. Dertil, så vil summen av akkumulert skade då bli langt viktigare enn kortsiktige gevinstar.

Er derimot nytteverdien av den maritime maktprojeksjonen stor, dvs. at nytteverdien til dømes er relatert til strategiske tyngdepunkt, altså vitale interesser på eit nasjonalt nivå, så kan ein fort stå i ein situasjon kor risikoen ein er viljug til å akseptere er svært stor. Då må ein faktisk etablere løysingar som *de facto* gjer aktuell maritim maktprojeksjon umogleg dersom ein ynskjer å få motstandaren til å avstå. Dette er sjølv sagt langt meir ressurskrevjande i og med at fienden då vil vere relativt immun mot tap. I erkjenning av dette, så kan eit alternativ vere å forme ein motstandar sine handlingar. Ei slik forming er vanskeleg, men målsetjinga i ei stode kvar sjønekting ikkje er mogleg må vere at fienden sine handlingar sin negative konsekvens for Noreg, i isolasjon, må minimaliserast. Eit slikt formingsalternativ bør ein ikkje nytte med mindre enn er tvungen til det. Dette då det vil vere svært vanskeleg å kontrollere. Dessutan, dersom me framfor å fokusere på å nekte ein fiende sine operasjonelle mål fokuserer på å forme motstandaren sitt handlingsrom, så kan me etablere ein operasjonell situasjon kor me rett nok blir utsett for avgrensa maktbruk, men der me samstundes påfører våre allierte større risiko og gir dei ansvar som dei kanskje korkje har kapasitet eller vilje til å møte.

3.5.2 Sjøkontroll og sjønekting som relative og abstrakte omgrep – relevans for forsvarsplanlegginga?

Det er, som omtalt før, svært få, om nokon, tenkelege bilaterale konfliktsenario mellom Noreg og Russland som kan resultere i ein interessebalanse som gjer at Russland er viljug til å akseptere svært høg eller uavgrensa risiko. I eit bilateralt scenario vil difor nærvær med kapasitetar som berre kan påføre skade i avgrensa omfang vere tilstrekkeleg for å heve terskelen som hindrar tvangs- og valdsmakt. Skulle det likevel kome til militær valdsbruk, så vil framleis risikovilja til Russland vere låg og følgjeleg vil avgrensa ressursar kunne utgjere effektiv sjønekting. Utfordringa i ei slik kalkulering ligg sjølv sagt i trongen for å oppnå resultat før ei konflikt eskalerer utover det bilaterale, noko Noreg gjerne vil ynskje, medan Russland truleg vil søke å unngå det. Dette vil påverke risikovilja til Russland i ei innleiande fase. Dei vil difor vere viljug til å akseptere innleiande tap i langt større grad enn tap over tid. Følgjeleg, det er ikkje gitt at sjølv relativt robust nektingskapasitet kan etablere sjønekting innleiingsvis. I erkjenning av dette, så vil vår evne til absorbere eit første slag og framleis ha vesentleg restkampkraft igjen vere viktigare enn kampkraft i innleiinga – med mindre me har ein absolutt nektingskapasitet allereie når krigshandlingar tek til. Gjennom å vere seig opprettheldt me eit sjølvstendig eskaleringspotensiale og ei evne til å påføre tap over tid. Slike tap vil akkumulert leie oss til ei stode kvar kostnaden med ytterlegare eller vedvarande aggresjon gradvis vil overstige gevinsten. I ei stode kvar interessebalansen er i vår favør, så vil det tvinge fram forhandlingar på våre premiss.

I regionale eller globale konflikter finnast derimot russiske interesser, spesielt deira andreslagsevne, som er så avgjerande viktig for deira politiske og militære handlingsrom at dei vil ha ein vesentleg høgare aksept for tap. Då vil ikkje kapasitetar som berre vil påføre tap over tid lengre vere tilstrekkeleg til å avskrekke eller til sjønekting. Har Russland i ei slik stode operativt trong for projeksjon av makt i, over eller mot Noreg, norsk

territorium, norske interesser eller norske kapasitetar, så må vår tapsførande evne vere nesten absolutt for oppnå sjønekting, altså for at fienden skal avstå frå å prøve.

På ein slik bakgrunn kan me difor seie at scenario kor kjerneinteressene til Russland er truga vil vere langt meir utfordrande for oss enn dei fleste bilaterale konflikhtar. I ei slik stode vil me ikkje berre måtte forvente stor risikovilje hjå fienden, men me vil også truleg vere mål for langt tyngre innsats tidleg og i heile Noreg. Dette for å sikre fienden sine operasjonelle mål før allierte innsatsar kan anten forsterke Noreg eller byrje å gi effekt direkte mot Russland. Det er difor nettopp det regionale eller globale konfliktszenarioet som bør vere den prioriterte dimensjonerande faktor for omfang og samansetting av vår struktur. Dette i kombinasjon med erkjenninga av kysten som Noreg sitt strategiske hjarteland og at Noreg er ei strategisk øy i alliansen.

Det er ytterlegare ein svært viktig faktor som må takast omsyn til i ei slik forståing. Den første er at Russland sitt maritime maktprosjeksjonspotensiale, og det uavhengig av risikovilje, er avgrensa. Dei har ei relativt svak flåte, både i kvalitet og kvantitet, samstundes har dei truleg ei svært omfattande operasjonell oppgåveportefølje. Dette betyr at dersom me tidleg kan påføre dei vesentlege tap, så vil diskrepansen mellom oppgåver og struktur raskt auke til eit nivå der dei må nedprioritere alt anna enn tiltak som sikrar eskaleringsdominans, altså forsvar av operasjonsfridomen til deira strategiske ubåtar. Diverre for Noreg, så betyr ei slik utvikling ikkje at dei då vil avstå frå maktbruk i og mot Noreg. Deira maktbruk i og mot Noreg vil handle mest berre om forsvar av operasjonsfridomen til dei strategiske ubåtane uansett styrkebalanse. Forskjellen vil primært ligge i at me då vil avgrense aktuelle aksar og metodar, noko som både i tid og rom vil vere lettare å handsame enn ei rein defensiv tilnærming. Følgjeleg, i det maritime domenet er ein tidleg taktisk offensiv ynskjeleg. Då kan ein både ta og halde initiativet. Ein vil forme fienden sitt handlingsrom til aktivitet som me kan handtere.

2.6 Avskrekking

Deterrence - the art of producing in the mind of the enemy the fear to attack you.

Dr. Strangelove

Det tradisjonelle synet på avskrekking er at avskrekking grunnleggande handlar om å etablere risiko som overgår gevinst for å påverke ein motstandar si vilje til å handle. Det handlar altså om å påverke kost-nytte vurderingar. Ettersom gevinsten vil vere relativt statisk, så er det primært gjennom etablering av trugslar ein endre kost-nytte vurderinga. For at ein trugsel skal manifestere seg som ein risiko, ein sannsynleg kostnad, så er det ikkje nok med kapasitet, ein må også ha vilje. Vilje er i motsetnad til kapasitet ikkje mogleg å måle. Følgjeleg føre ei slik tradisjonelt tilnærming til avskrekking med seg eit stort potensiale for feil og feiltolking. Alle målingar av effekt vil vere retrospektive og ikkje konkluderande. Avskrekking kviler dimed på tru og føresetnader, ikkje på validerte teoriar og fastslåtte fakta.³⁰

Ein anna måte å forstå avskrekking er å sjå det som ein lut av ein strategi for konflikthandtering. Avskrekking handlar då ikkje berre om kost-nytte vurderingar, men også om å kontrollere militære, politiske og økonomiske relasjonar og dimensjonar i konflikten på ein måte som hindrar eskalering til krig inntil ein kan løyse konflikten på anna måte. I eit slikt perspektiv er avskrekking eit middel for å kontrollere konflikten, ikkje hindre den. Ettersom det alltid er ei grad av konflikt mellom statar, så er konflikthindring i dei heile umogleg. Det beste ein kan håpe på er å påverke midlane og metodane motstandaren nyttar for å søke å nå sine mål.

Dessutan, ettersom verda er eit lukka system med komplekse relasjonar mellom ulike konflikhtar som gjensidig påverkar, forsterkar og endrar kvarandre, så vil eit einseitig fokus på ein aktør, trugsel eller eit spesifikt szenario alltid gjere ein ignorant for andre relevante, eksterne, faktorar. Dertil, konflikhtar mellom statar er aldri

³⁰ Robert C. Rubel, "Getting a Grip on Tailored Deterrence: The World of Conflict Management," *Orbis* 56, no. 4 (2012): s. 678.

statiske. Sjølv små og uviktige konflikthandlingar kan eskalere til fullskala krigføring dersom abstrakte, men viktige, faktorar som nasjonen si ære kjem i spel. Difor har konflikthandlingar ein ibuande tendens til eskalering, særleg dersom aktørane sine handlingar ikkje står i samnhøve med konflikten sitt eigentlege omfang.³¹

Avskrekking gjennom kost-nytte balansering og vurderingar er sjølvstendig ein viktig komponent i ein kvar konflikthandlingsstrategi, men ikkje den einaste komponenten. Andre truverdige avskrekkingsskjema kan vere avgrensing av konflikten, roing og avspaning, tvangsmakt, overtaling, og jamvel forkjøpsåtak. Berre gjennom å sjå alle desse midlane i kombinasjon kan ein stat utvikle ein krigshindrande politikk og strategi som både er truverdig og varig.³² Uansett om ein ser på avskrekking i isolasjon eller som del av ein altomfattande strategi for konflikthandling, så handlar avskrekking om straff og nekting. Avskrekking gjennom straff fokuserer på å maksimalisere kostnaden ein motstandar må tole om dei går til krig. Alternativet, avskrekking gjennom nekting, fokuserer på å minimalisere føremonane motstandaren kan nå.³³

Sjølv om avskrekkingsskjema varierer i midlar, og i operasjonelle og taktiske val, så er effekten avhengig av motstandaren sin persepsjon av truverd, altså summen av kapasitet til maktbruk og vilje til maktbruk. Av denne grunn, så finnast det ingen avskrekking dersom anten oppfatta vilje eller faktisk evne manglar. Difor handlar avskrekking i stort av kommunikasjon. Avskrekking feilar oftast grunna manglande evne til å kommunisere kapasitet, vilje eller forventning. Teoretisk, så kan ein differensiere mellom avskrekking som resultat av observerlege fakta og avskrekking som resultat av tydeleg kommunikasjon. Sjølv om ein stat sin persepsjon av ein anna stat sin kommunikasjon kan vere vesens annleis enn kva avsendaren sin intensjon var, så er likevel ein kommunisert avskrekkingsskjema meir føreseieleg, rimelegare og meir truverdig, enn ein som ikkje er det. Følgjeleg er evaluering av korleis kommunikasjon er tileigna og forstått av motstandaren viktig for å unngå feilkommunikasjon, misforståingar, og ikkje minst, feila avskrekking. Difor må ein stat alltid søke å forsikre seg om at den tiltenkte mottakaren rasjonaliserer si framferd i samsvar med målsetjinga. For å oppnå suksess i avskrekkingsskjema, så må strategane balansere mellom identifisering av raude linjer og kommunikasjonen av desse på den eine sida, og balansegang mellom eskalering og de-eskalering på den andre sida. Dersom den som avskrekkar ikkje får den balansen rett, så vil avskrekkinga med stort sannsyn feile og tiltaka ein har gjort vil gjerne fremje krig framfor å hindre den.³⁴

I erkjenning av at Noreg neppe korkje har vilje eller spelerom til å angripe først, og då eit strategisk overfall i dag allereie i utgangspunktet har eit vesentleg potensiale for å lukkast i å påføre oss eit *coup de grâce*, så vil struktur som vektlegg offensiv handling, utan vilje eller ynskje om slik offensiv handling, medføre ein struktur som heller gjer overraskande og overveldande maktbruk mot oss meir sannsynleg enn dersom me har ein defensiv struktur. Dette med mindre me også gjer den offensive strukturen taktisk immun mot strategiske overfall. Årsaka ligg i at offensiv slagkraft med potensiale for å råke motstandaren sin operasjonelle og strategiske tyngdepunkt vil utgjere ein avskrekkingseffekt, tilsvarande konseptet *fleet-in-being*, men berre så lenge motstandaren ikkje kan gjere noko med det.³⁵ I tillegg, dersom me har ein kapasitet og ei evne, men inga vilje til eskalering, så vil det opne for bruk av andre metodar og tilnærmingar som påverkar vårt handlerom, men er nøye avstemt for å ikkje tvinge fram eskalering frå vår side. Slike tilnærmingar er oftast kalla gråsonerkrigføring eller hybridkrigføring. Me kan sjølvstendig møte ei gråsonerkrigføring med eskalering, med det føremål å trekke inn Nato, men det føreset då at det er politisk vilje hjå våre allierte til faktisk å akseptere ei slik eskalering. Dersom me ikkje kan vere sikker på at så er tilfelle, så vil ei eskalering frå vår side potensielt heller leie til større handlefridom hjå vår motstandar og dimes vere direkte kontraproduktivt.

³¹ Basert på: *ibid.*, sjå og: Carl von Clausewitz et al., *On War* (Princeton University Press, 1989), book 1, ch. 1.

³² Rubel, "Getting a Grip on Tailored Deterrence: The World of Conflict Management," s. 684.

³³ John Stone, "Conventional Deterrence and the Challenge of Credibility," *Contemporary Security Policy* 33, no. 1 (2012): s. 109.

³⁴ Dels parafraze av: Dmitry Adamsky, "From Moscow with Coercion: Russian Deterrence Theory and Strategic Culture," *Journal of Strategic Studies* 41, no. 1-2 (2018): s. 53-54.

³⁵ Sjølvstendig: John B Hattendorf, "The Idea of a Fleet in Being in Historical Perspective," (Newport: Naval War College, 2014), for ei framifrø drøfting av *fleet-in-being* konseptet. Eg har tatt utgangspunkt i Hattendorf si drøfting i mi tankerekke her.

I teksten ovanfor er det synleggjort at Russland si strategiske interesser relatert til Noreg, i ei stode kvar Russland er i væpna konfrontasjon med Nato, primært handlar om å redusere potensialet for at Noreg, eller Nato via Noreg, kan påverke operasjonsfridomen til Russland sine strategiske ubåtar. Sekundært vil Russland ha trong for å nekte allierte styrker tilgang til og operasjonsfridom i områda som utgjør Bastionen, samt trong for å trygge infrastrukturen som støttar opp om denne. Dessutan vil Russland vere tent med å ha tilgang til Atlanterhavet og kan, med relativt avgrensa midlar, utgjere ein trugsel mot Nato si evne til å flytte ressursar og kraftsamle i forventa avgjerande områder. Følgjeleg vil Russland vurdere bruk av makt for å understøtte desse operasjonelle målsetjingane, som igjen støttar oppom deira strategiske avskrekkingskonsept, når dei opplever at deira eskaleringsdominans er truga. Russiske interesser, militære konsept og doktrinar, samt deira styrkestruktur, vernebuingsnivå og avgrensa strategiske mål understøtter alle ei tilnærming kvar preventive åtak, kall det gjerne strategisk overfall, vil vere heilt sentrale dersom Russland skal lukkast i ei stormaktskonflikt.

Ei avskrekking i form av straff, les atomvåpen, altså den tradisjonelle avskrekkinga Nato har kvilt på sidan grunnlegginga, fungerer ikkje med mindre interessene ein slos om har ein verdi som gjer at eskalering til masseødeleggingsvåpen er eit truverdig alternativ. Russland vil truleg vere temporært konvensjonelt overlegne i ei hurtig valdseskalering av ei krise. Dei vil sikte på avgrensa strategiske mål utan eksistensielle verdi for dei vestlege atommaktene, og dei vil slos med eit strategisk konsept kvar krig er diplomati og kvar målsetjinga er å betre eiga forhandlingsmakt. I ei slik stode kan ikkje Noreg fundere si avskrekking på Nato si samla militærmakt inklusive atomvåpen. Dette rett og slett fordi ei slik avskrekking føreset truverdig vilje til å eskalere uansett kostnad for ein sjølv, noko ei ikkje-eksistensiell konflikt ikkje vil utløyse.

Noreg, som alle andre strategiske aktørar, søker å kommunisere eller overtale sterkt nok til å oppretthalde eller etablere bestemte strategiske framferder hjå våre potensielle motstandarar, men utan risiko for eskalering me sjølv ikkje ynskjer. Strategisk teori definerer kulminasjonspunktet som eit punkt kvar eins styrker har nådd «den sterkast moglege posisjon» og kor krigen eller handlingane bør avsluttast for å konsolidera gevinst.³⁶ Med di eit krigsførebyggande avskrekkingskonseptet også kan og må innebere faktisk maktbruk for å avgrense trugslar og markere raude liner, så inneber det ein risiko for å gå for langt. Dette blir ytterlegare forsterka av manglande evne til å vurdere årsak-effekt relasjonar i avskrekkinga. Følgjeleg, lykkast ikkje Noreg og Nato med å kommunisere eit budskap som motstandaren både forstår og agerer på i samsvar med intensjonen, så vil bruk av aktive og avgrensande midlar fort kunne presse avskrekkinga til eit nivå kor avskrekkinga når sitt kulminasjonspunkt. Ein vil då vere i ei stode kvar ytterlegare trugslar og bruk av makt blir kontraproduktivt, kvar ein i staden for å avgrense og hindre aggresjon og trugsmål heller gjer det opplagt for motstandaren at eit åtak er dømt til å kome og at ein difor må ta initiativet. I eit avskrekkingsscenario skjer dette når motstandaren oppfattar at han ikkje lengre har spelerom og heller ikkje noko å tape på å eskalere. Følgjeleg, Nato sin avskrekkingsstrategi inneber ein vesentleg risiko for å provosere fram eskalering ein faktisk ikkje ynskjer i staden for den bestemte strategiske framferda ein ynskjer å overtale eller presse motstandaren til.³⁷

Noreg har eit uttalt mål om å førebygge krig gjennom mellom anna avskrekking. Det finnst to hovudmodellar som me kan legge til grunn. Me kan byggje opp ein kapasitet til å strategisk avskrekke gjennom kapasitet til å straffe, eller me kan avskrekke gjennom nekting. Det første alternativet, altså å straffe, vil vere svært kostesamt med di det vil krevje vesentlege offensive kapasitetar med stor grad av evne til å overleve eit strategisk overfall for å ha truverd og det vil krevje vilje til å gå på offensiven. Etablerer Noreg berre ein avgrensa kapasitet til å straffe, gjennom til dømes kapasitet til å ta ut noko vital infrastruktur eller å nedkjempe deira nektingskapasitet, så er det ei løysing med ei stor baksida. Som påpeikt, så er preventive åtak utan varslingsstid, såkalla strategiske overfall, er eit kjerneelement i den strategiske tenkinga til Russland. Følgjeleg, dersom me har ein struktur som har ei viss evne til å straffe dei også i deira eigne områder og som kan råke element i deira

³⁶ von Clausewitz et al., *On War*, s. 527–73.

³⁷ Parafraze av: Adamsky, "From Moscow with Coercion: Russian Deterrence Theory and Strategic Culture," s. 55-56.

strategiske tyngdepunkt, altså andreslagsevna, så vil Noreg ikkje avskrekke krig men invitere til preventivt åtak. På bakgrunn av ei slik erkjenning, så vil ikkje ei evne til operasjonell straffing vere krigsførebyggande, men krigsprovoserande med di føremonen ved å slå til først og overraskande blir ytterlegare styrka. Denne negative konsekvensen vil bli ytterlegare styrka dersom føremålet, eller helst det oppfatta føremålet, med norske offensive kapasitetar er å opne for allierte offensive operasjonar mot Russland sit strategiske tyngdepunkt.

Det andre alternativet, å avskrekke gjennom nekting, har eit langt større potensiale som krigsførebyggande strategi. Etablerer me ein styrkestruktur som vil ha stor evne til å nekte russiske styrker frå nå sine operasjonelle mål i eller mot Noreg og som samstundes ikkje har offensive kapasitetar til å truge Russland sine eigne strategiske interesser i monaleg grad, så vil kost-nytte rekninga deira kunne bli negativ. Då vil eit strategisk overfall på Noreg ikkje ha ein strategisk verdi som svarar til ressursbruk. I røynda snakkar me om å bruke defensivt A2/AD for å nekte Russland frå å etablere og utnytte sine eigne A2/AD kapasitetar i våre farvatn og på eller frå vårt territorium. Den sentrale erkjenninga i ei slik tilnærming er at dersom både den defensive og den, i alle fall lokalt, offensive sida i ei konflikt nektar den andre parten operasjonsfridom, så vil den defensive sida på sikt vinne. Føresetnaden for at ei slik tilnærming, altså nekting av operasjonelle mål som strategi, er at ein ikkje samstundes etablerer ein struktur som kan takast ut gjennom eit strategisk overfall ved hjelp av massiv bruk av langtrenkande presisjonseld.

Uansett tilnærming, så kan ein difor konkludere eintydig med at skal Forsvaret røyneleg bidra til å avskrekke krigshandlingar i og mot Noreg, så må vår styrkestruktur vere i stand til å oppretthalde det alt vesentlege av si kampkraft også dersom me blir utsett for eit massivt innleiande åtak utan førehandsvarsel. Å ha toppmoderne, god trenar og utrusta militære einingar er faktisk irrelevant både som eit avskrekkande og som kjempande verktøy dersom me ikkje har tilgang på kapasitetane i det alt vesentlege også etter at kamphandlingane har starta og det uansett korleis innleiinga av krigshandlingane finn stad.

4 Sjøforsvaret sine strategiske og operasjonelle roller

På bakgrunn av alt som er skrevet ovenfor, og helde oppimot tradisjonell norsk sjømaktstenking, så er det fem oppgaver som teiknar seg som avgjerande strategiske og operasjonelle roller for Sjøforsvaret i krig. I tillegg har Sjøforsvaret tre viktige roller i ein konflikthandteringsstrategi som skal førebygge og kontrollere konflikter og krig.

4.1 Roller i krig

It will be better to offer certain considerations for reflection, rather than make sweeping dogmatic assertions.³⁸

Alfred T. Mahan

1. Sjøforsvaret skal hindre russisk maritim maktprojeksjon mot Noreg.
 - a. Dette kan vere sjøneking i form av å presentere ein kostnad som gjer at motstandaren avstår frå å prøve, eller det kan vere kamp om sjøkontroll, altså innsats for å stogge ein fiende som ikkje har avstått frå å prøve.
 - b. Dette kan løysast defensivt eller offensivt.
 - c. Slike nektingsoperasjonar skal i stor grad også mogleggjere for eigen sjøkontroll andre stadar.
2. Sjøforsvaret skal sikre manøverfridom for eigne landstyrker i Noreg og sikre at landmakta kan setjast inn der det er trong for den.
 - a. Grunna Noreg sin geografi, så må landmakta dels eller heilt på kjøll dersom den skal setjast inn andre stader enn sine oppsettingsområde. Spesielt dersom dette skal skje raskt. Dertil, så er det sannsynleg at landmakta også må kunne operere i og kjempe i kystsona inklusive på øyar. Dette føreset evne til taktisk innsetting frå sjøen, og det føreset tung transport kapasitet. Både deler krevjar evne til å etablere sjøkontroll i tid, rom og med akseptabel risiko.
3. Sjøforsvaret skal sikre tilstrekkeleg flyt av logistikk og forsyningar, både militær og sivil.
 - a. I fråvær av store førehandslagre og grunna få og sårbare landkommunikasjonsaksar, så må både militære operasjonar og sivil samfunnet understøttas sjøvegen. Korkje norsk land- eller luftmakt kan operere over tid utan tilførsle av logistikk – og den må kome på kjøll.

³⁸ Alfred Thayer Mahan, *Naval Strategy Compared and Contrasted with the Principles and Practice of Military Operations on Land: Lectures Delivered at U.S. Naval War College, Newport, R.I., between the Years 1887 and 1911* (Boston: Little, Brown, and Company, 1911), s. 215.

- b. Dette føreset igjen evne til å etablere og vedlikehalde sjøkontroll i tid, rom og med akseptabel risiko.
4. Sjøforsvaret skal sikre mottak og framføring av allierte forsterkingar.
 - a. Med di Noreg er ei strategisk øy, så må alle slike forsterkingar av noko substans kome sjøvegen. Dette inkluderer 50% av materiellet, og mest all logistikk, for USMC sine dels førehandslagra styrker.
 - b. Følgjeleg må me ikkje berre bidra til å sikre tilgang til landsettings- og oppsettingsområder, men også aksane kor aktuelle styrker skal først fram til innsatsområda sine. Slike sjøkontrolloperasjonar er tid og ressurskrevjande, spesielt vil minemottiltak og anti-ubåt operasjonar krevje innsats over tid.
5. Sjøforsvaret skal bidra til allierte operasjonar.
 - a. Dette betyr biletbodygging og evne til å slå, aleine eller i lag med allierte.
 - b. Det kan også bety sjønektingsoperasjonar for å forme fienden sitt handlingsrom, og då særleg operasjonar som pressar fienden til å velje alternative handlingsmåtar som er lettare for allierte å takle.

Felles for alle desse rollene er at dei er grunnleggande fellesoperative. Ikkje berre har dei alle som føremål å mogleggjere eller trygge handlingar og aktivitet i dei andre domena, men i tillegg vil dei i stor grad kvile på taktisk samvirke med dei andre forsvarsgreinene.

Særleg sentralt oppimot strukturplanlegging må dessutan erkjenninga av at alle desse oppgåvene må løysast samstundes vere. Ein kapasitet, ei evne, som berre kan løyse desse oppgåvene kvar for seg, altså sekvensielt, vil ha avgrensa eller ingen verdi. Berre når oppgåvene blir løyst samtidig vil ein fylla Sjøforsvaret si strategiske rolle. I erkjenning av dette, så må ein prioritere og ein må identifisere einskild faktorar som det andre kviler på, men ikkje minst må ein identifisere alternative, men fleksible, måtar som lyser oppdraga samla og til lågast mogleg kostnad og risiko. Difor har eg også utarbeida nokre retningslinjer som bør ligge til grunn:

- Teknologeutviklinga, særleg innan hypersoniske missil, energivåpen, autonome system og elektroniske motmidlar, gjer at mange tradisjonelle våpen- og sensorsystem er eller vil bli meir eller mindre irrelevante innan få år. Å investere tungt i kapasitetar som ikkje enkelt kan oppgraderast med ny teknologi og nye system, eller som er bygd opp kring og sterkt avhengig einskild system, vil dimed gi stor risiko for feilinvestering. Teknologi har alltid vore i utvikling og ein har alltid kunne venta på noko betre, men forskjellen er at no står me i ei stode kvar sume av dei nye teknologiane vil gjere heile system utdatert raskt. Ein snakkar då ikkje om ei gradvis betring, altså om ein evolusjon, men potensielt om ein revolusjon.
- Kysten er eit unikt domene som mellom anna mogleggjer operasjonar djupt inn i eit område kvar fienden har nektingskapasitetar. Denne geografiske føremon gjer at ein kan etablere kampkraft til ein relativt lågare kostnad enn kva tilsvarande kapasitetar for ope hav operasjonar vil koste.
- I alliansen er det berre Noreg som har spesialkompetanse på kystoperasjonar i vår geografi. Operasjonar i kystsona er følgjeleg ikkje noko våre allierte kan ivareta på ein tilnærma like god måte som kva me vil vere i stand til dersom me opprettheld og betrar kapasitet og kompetanse.

- Strukturutviklinga i Russland, russisk tenking, og styrkebalansen i det maritime domenet tilseier alle at kysten vår vil vere viktig for Russland. Dette spesielt i ei klassisk russisk asymmetrisk tilnærming. I tillegg er kysten Noreg sitt strategiske hjarteland, ein føresetnad for innanlandskommunikasjon, særleg for forsyningar og landmakta sitt manøverrom. Dertil kan nærmast eit kvart viktig mål i Noreg nåast frå kysten sjølv med tradisjonelt skipsartilleri. Kysten er også avgjerande for både å ta imot, setje opp, forsyne og bruke allierte forsterkingar. Følgjeleg, Noreg må evne å dominere kysten dersom me skal ha fleksibilitet og seigheit. Slik dominans er jamvel naudsynt for å gjere resten av Forsvaret relevant utover punktforvar. Dessutan vil norsk kontroll med Noreg sin kyst truleg vere det absolutt viktigaste bidraget me kan gi til Nato-alliansen samla.
- Miner er ein styrkemultiplikator i nærmast ein kvar maritime operasjon. Miner er også rimelege og svært tidkrevjande å gjere noko med for ein motstandar.
- Det mest effektive forsvar mot langtrekkande presisjonseld og tidlege offensive handlingar, særleg i ei opningsfase av kamphandlingar, t.d. eit strategisk overfall, vil vere:
 - Mobil spreiring, flåten må ikkje ligge samla ved kjent kai, særleg ikkje over tid. Med tanke på fråvær av røytnleg varslingsstid, så kan ein ikkje ha eit spreiringskonsept først i krig. Det må vere kontinuerleg.
 - Målrikdom, tap av ei eller få plattformar må ikkje ha avgjerande effekt på vår samla kampkraft. Enn vidare, framfor svært kapable einskild plattformar aleine, så bør ein også ha mange fartøy med relativt låg kampverdi. Slike plattformar er ressurs og tidkrevjande å ta ut, men dei må likefullt nøytralisert før sjøkontroll kan etablerast med låg risiko.

4.2 Konflikthandling: Førebygge og avskrekke

- Sjøforsvaret sine viktigaste roller i eit konflikthandlingperspektiv er å førebygge gjennom:
 - Kontinuerleg nærvære med kapasitet og vilje til tapspåføring.
 - Truverdig, rask og konsekvent handling av trugsmål/utfordringar mot suverenitet og suverene rettar. Dette inkluderer styresmaktutøving ovanfor ikkje-statlege aktørar.
 - «Nato i nord». Sjøforsvaret, i lag med resten av Forsvaret, må levere på Nato si trong for biletbygging, etterretning og nærvær i europeisk Arktis. Om ikkje vil desse oppgåvene bli handtert av allierte, og då gjerne allierte med andre interesser, politikk og mål enn kva me har.
- I konflikthandling inngår også avskrekking, følgjande bidrag bør Sjøforsvaret gi:
 - Gjennom tydeleg kommunikasjon, resolutt handsaming og tydelege raude liner, så bidrar Sjøforsvaret til avskrekking i form av eskaleringskontroll.
 - Evne til rask eskalering, dvs. høg vernebuing og kontinuerleg nærvær.
 - Dette er ikkje berre ei marineoppgåve, men minst like mykje ei kystvakttoppgåve. Det føreset i så høve at Kystvakta blir tilført vesentleg større kapasitet til eskalering av tvangs- og valdsmiddel bruk.

- Evne til å overleve eit forkjøpsåtak eller eit strategisk overfall med det alt vesentlege av egne kapasitetar.
- Ein struktur som ikkje provoserer fram aggresjon. Dvs. satsing på avskrekking gjennom operasjonell nekting framfor avskrekking gjennom straff.

5 Konkret strukturskisse

Nothing is impossible for the man who does not have to do it.

Weiler's law³⁹

På basis av teori, strategisk tenking kring forsvarstrong og synspunkta kring strategiske og operasjonelle roller i fred, krise og krig, samt i erkjenning av eksisterande struktur og vedtatt framtidig struktur, så tilrår prosjekt Sjømakt 2040 følgjande struktur for Sjøforsvaret:

- Autonome sensorar og sambandsrele bør innførast i stort omfang.
 - Alle fartøyklassar bør vere utrusta med dronar som kan fungere både som framskotne sensorar, målrapporteringseiningar for eld over horisonten, og ikkje minst som sambandsrele for å mogleggjere sikkert, raskt og robust samband mellom eigne einingar i eit utfordrande elektronisk krigføringsmiljø.
- 4 havgåande fregattar med områdekapasitet innan anti-ubåt og anti-overflate, samt lokal anti-luft kapasitet.
 - Oppgraderte Nansen-klasse fregattar. Oppgraderinga bør fokusere på auka ASW-kapasitet.
 - Må få tilgjengeleg AU-helikopter snarast råd.
 - Bør vurdere kapasitetsauke i luftvern, men då i form av t.d. integrasjon av NASAMS3 missila (fire-and-forget) framfor SM2 eller tilsvarande. Det vil gi ei markant auke i kapasitet, til relativt låg pris i investeringar og vedlikehald.
 - *Desse fartøya skal primært nyttast til sikring av alliert mottak og støtte til allierte operasjonar*
- 6-8 korvettar med lokal anti-ubåt og anti-luft kapasitet, samt område anti-overflate kapasitet.
 - Mineleggingskapasitet bør inngå som del av anti-overflate og anti-ubåtkapasiteten til desse fartøya.
 - Ynskjeleg med dekk for helikopter, dette for å understøtte AU-operasjonar, men treng ikkje hangar for vedlikehald. Det kan like gjerne gjerast frå land.
 - Bør, men må ikkje, vere havgåande.
 - Må ha taktisk rekkevidde som gjer sjølvstendige operasjonar i mange døgn mogleg.

³⁹ Som attgjeve av Colin S. Gray i: Joseph A. Maiolo and Thomas G. Mahnken, *Strategic Studies : A Reader*, 2nd ed. (London: Routledge, 2014), s. 40.

- *Desse fartøya skal supplere fregattane i trygging av alliert mottak, skal bidra til å dominere kystsona, og skal gi oss fleksibilitet i oppdragsportefølje. I tillegg vil dei frigjere fregattane til havgåande oppgåver.*
- *Ein kystnær AU-kapasitet kan også nåast gjennom bruk av miner og landbaserte AU-helikopter. Ei slik løysing kan potensielt redusere trongen for fullspekter kapasitetar på nye korvettar, men den fjernar ikkje trøng for tyngre overflatekapasitetar som kan operere i og frå kystsona.*
- *NB. Inntil ein ny korvett-klasse er på plass, så må Skjold-klassen vidareførast.*
- 6-9 mineryddingsfartøy, kombinasjon av tradisjonelle minesveip og minejaktfartøy. Alle bør kunne føre og støtte autonome system.
 - Lokal anti-overflate og anti-luft kapasitet. I kort, dei må ikkje vere avhengig av eskorte eller anna form for ekstern trygging. Ein slik sjølvforsvarskapasitet vil også gjere dei eigna til andre mindre intensive maritime kampoperasjonar, særleg i kystsona.
 - Avgrensa havgåande kapasitet.
 - Tre av ni kan eventuelt erstattast med landbaserte autonome kapasitetar i følgjande tre områder: Haakonsvern/Bergen, Trøndelag og Ofoten/Vestfjorden.
 - *Desse fartøya er avgjerande for å oppretthalde naudsynt tilgang på kystsona til transport, manøvrer og framføring av forsterkingar. I tillegg vil kapasiteten vere avgjerande for mottak av allierte.*
- 12 kanonbåtar
 - Dette bør vere små raske fartøy med tung, men lokal, anti-overflatekapasitet. I kort, dei skal kunne vinne ein kvar korthalds overflateduell i kystsona.
 - Fartøya må kunne operere over tid utan etterforsyning, må kunne utnytte topografi til eigetrygging, og bør kunne operere i skvadronsforband.
 - Primærvåpen bør vere relativt grovkalibra artilleri, våpen som også kan gi rask og effektiv direkte eldstøtte til landmaktsoperasjonar i kystsona.
 - *Desse fartøya vil bidra sterkt til å dominere kystsona, vil vere rimelege, men samstundes ein vesentleg trugsel mot fiendtlige operasjonar i kystsona, vil tilføre oss evne til å agere og reagere raskt, dels skjult og vil effektivt støtte tyngre kampeiningar med sensorata, eldkraft og manøverevne.*
- Re-etablering av 3. bataljon (amfibisk kapasitet i landmakta).
 - Noreg sin primære kampgeografi for landmakta er kysten inklusive øyar.
 - Noreg har i dag ingen kapasitet til å rask flytting av landmakt i kystsona, og desto mindre til innsetting av landmakt i eit område kvar fienden allereie er på plass.
 - Om avdelinga er underlagt ein MCC eller ein LCC, er ikkje avgjerande. Det avgjerande er at ein etablerer stridskapasitet i kystsona utover den reint maritime.
 - Taktisk transport kan dels baserast på rekvirert struktur, men første innsetting og eldstøtte bør kome frå spesialiserte einingar.

- Noreg (Sjøforsvaret) bør difor ha t.d. minst 6 fartøy med kapasitet til å løfte eit stridskompani inklusive lette pansra køyretøy.
 - Desse fartøya, i lag med kanonbåtar og korvettar, må kunne gi direkte og indirekte eldstøtte til amfibiske operasjonar i kystsona.
 - Bør har sjølvforsvarsevne i overflate og luftdomena.
 - Må vere raske, må kunne utnytte små kaier etc., og bør ha ei taktisk rekkevidde som mogleggjer innsetting i størstedelen av Noreg utan trong for ekstern logistikk i gjennomføringa.
 - KJK bør vidareførast i parallell med ei slik satsing, då primært som ISTAR kapasitet for kystsona. Om ikkje landmakta blir utvida med ein amfibisk kapasitet, så bør KJK ekspanderast til ein kapasitet som kan støtte taktisk flytting av landmakt i kystsona.
 - *Ein slik struktur er ei røyynleg erkjenning av Noreg sin faktiske militærgeografi. Den tilfører oss vesentleg auka kampkraft og fleksibilitet i vår mest kritiske geografi og den vil effektivt bidra til forming av ein fiende sine handlingsalternativ. Ikkje minst, den gjer landmakta langt meir relevant i eit breitt spekter av oppgåver og oppdrag.*
- 6 ubåtar
 - Eit minimum for å oppretthalde minst to tilgjengelege ubåtar, noko som sentralt dersom ubåtkapasiteten i det heile skal ha potensiale for å påverke substansielt i ein kortvarig krig. Spesielt viktig med di den taktiske manøverevna til ubåtane er sterkt avgrensa av neddykka fart. Ein ubåt vil vere relativt enkelt å utmanøvrere. Ein ubåt vil også fort bli geografisk bunden i sine operasjonar grunna at fienden må kome til dei og ikkje omvendt. Dette dersom me ynskjer fysisk effekt og ikkje berre kognitiv effekt av dei i sjøkrigen.
 - Bør få auka kapasitet til anti-ubåt operasjonar og mineleggingskapasitet.
 - *Ubåtane er vår suverent viktigaste kapasitet for å etablere høg risiko mot fiendtleg framføring av maritim maktprojeksjon over og frå havet. Dei kan også operere framskote, også inn i ei nektingssone, og dei skaper uvisse hjå ein motstandar gjennom si evne til å vere skjult samstundes som dei har ei lokalt overveldande eldkraft i overflatedomenet.*
- Miner
 - Noreg bør snarast etablere ein sjøminekapasitet.
 - Miner i lag med ubåtar etablerer ein svært høg operasjonsrisiko for fienden i opne farvatn. Ein slik kombinasjon vil dimed sterkt påverke handlingsrommet til ein fiende, og vil vere langt rimelegare og meir truverdige enn ein tilsvarande kapasitet basert på t.d. ubåtar og luftmakt aleine.
 - Både defensive og offensive anti-overflate og anti-ubåt minekapasitetar bør inngå i arsenalet.
 - Defensive for å sperre innløp og kanalisere fiendtlege operasjonar
 - Offensive for å kunne råke fienden i hans operasjonsområde.

- Bør kunne leggest eller leverast frå alle klassar, men primært frå einingar som kan operere skjult inn i ei nektingszone. Må vere klar for legging på svært kort varsel – følgjeleg bør strukturen, som skal legge dei, i stor grad ha dei om bord også i fredstid.
 - *Sjøminer er den eine kapasiteten som i svært stor grad kan forme og påverke Russland sine maritime operasjonar i og mot Noreg til ein låg kostnad. I kombinasjon med andre kapasitetar skaper sjøminer ein multidimensjonal trugsel mot fiendtlege maritime operasjonar som sterkt aukar dei andre kapasitetane sitt potensiale.*
- Logistikk
 - Eit stort logistikkfartøy, KNM Maud, for å støtte operasjonar som skal mogleggjere alliert mottak.
 - 3-4 mindre fartøy for direkte støtte til MCM, korvett, kanonbåtar og amfibiske kapasitetar.
 - Utover dette bør logistikken i stor grad kvile seg på rekvirert struktur.
 - *Logistikk er avgjerande. Samstundes, i erkjenning av at me truleg står ovanfor ein relativ kort stridsfase og i eit stridsdomene kor ein må kunne levere effekt inn i eit nektingsområde, samt då logistikk krevjar trygging og gjer oss meir føreseielege, så bør ein prioritere evne til sjølvstendige operasjonar på alle plattformar som skal operere framskotne. Etterforsyning av desse kan deretter gjerast med rekvirert struktur som ikkje er tilgjengeleg dei første dagane.*
- Baser
 - Våre baser, altså stadane der vesentlege deler av Sjøforsvaret sin struktur vil ligge til kai over tid, må sikrast. Viktigast er luftvern, både aktivt og inaktivt, samt nærforsvar.
 - *Sjølv om den primære metoden for trygging mot strategisk overfall bør vere mobil spreiring, så må ein erkjenne at store deler av strukturen ofte vil vere til kai. Er desse basane utan beskyttelse mot potente langtrekkande stridsmidlar, så skaper me ein invitasjon til eit preventivt og intensivt første slag.*
- Kystvakta
 - Kystvakta er Sjøforsvaret sitt viktigaste instrument for konflikthandtering og eskaleringskontroll, men er i dag utan militær kapasitet. Samstundes utgjer Kystvakta ein svært stor del av Forsvaret sin maritime struktur.
 - Kystvakta må tilførast eit breiare spekter av virkemidlar for å gjere dei til eit relevant verkemiddel utover styresmaktutøving og nærvær i fredstid.
 - Fleire våpen og sensorar vil krevje meir kompetanse og trening. Det vil ta tid frå dei daglege kystvaktoperasjonane. For å kontre dette, så kan ein ta to ulike tilnærmingar:
 - Våpena og sensorane eit tilføre må krevje låg innsats. Følgjeleg, i staden for avanserte missilsystem og sonarar, så bør ein heller tilføre kystvakta sjøminer, søkkeminer og kapasitet til å drifte au-helikopter. Dertil bør ein gi kystvakta våpen som gir større eigentrygging.

- Eit anna tiltak som kompenserer for lågare tilgjenge på patruljedøgn er fleire fartøy.
 - Ei modulløysing er ikkje tenleg med di den vil krevje tid før den kan nyttast.
- Indre Kystvakt, med ein styrka og væpna struktur, vil kunne utgjere eit vesentleg bidrag til handtering av gråsonekrigføring og ikkje konvensjonelle trugslar i kystsona. Dette bør vere ei primær oppgåve for Kystvakta i krise og krig, men føreset då fleire fartøy, tyngre våpen og militært samband og trening. Denne oppgåve bør løysast i lag med kanonbåtar, korvettar, heimevern og politi.

5.1 Strukturløysingar som ikkje er tilrådd

- Me tilrår ikkje etablering av sjømobilt områdeluftvern. Dette då:
 - Eksisterande vestlege system er svært kostesame
 - Eksisterande system taklar ikkje hypersoniske trugslar
 - Skal områdeluftvern vere potent, så må det svært mange våpen til. Eksisterande fartøy har ikkje plass til dette. Nye fartøy må ha ein storleik og vil ha ein kostnad, som vil ta ein svært stor del av tilgjengelege ressursar utan at det gir vesentleg auka forsvarsevne for Noreg samla sett.
 - Eit luftvern med ballistisk missilforsvar, som er sjømobilt, vil kunne sjåast som ei aggressiv og truande handling av Russland. Det vil difor heller enn å avskrekke, bidra til eskalering, og det samstundes som den defensive effekten vil vere avgrensa.
 - Den eine kapasiteten Nato sine maritime styrker er relativt godt oppsett med er luftvernjagarar og luftvernfrigattar. Følgjeleg, dette er eit område der alliert støtte er mogleg og truverdig relativt raskt.
 - I ein nasjonalt samanheng, så vil det vere langt rimelegare å etablere nektingsbobler med områdeluftvern på og frå land, eit luftvern me uansett har trong for, og som i stor grad vil dekke dei same områda som det alt vesentlege av Sjøforsvaret sine kapasitetar vil operere frå.
- Me tilrår heller ikkje strike-kapasitetar. Dette då:
 - Strike-kapasitetar, altså evne til å slå i djupna inn mot Russland og mot særleg viktige russiske kapasitetar, vil utgjere ein direkte trugsel mot Russland sitt strategiske tyngdepunkt. Ei investering i slike kapasitetar vil gjere det absolutt naudsynt for Russland å slå til mot oss tidleg og overraskande. Eit slikt middel vil ikkje førebygge krig, men gjere krigshandlingar i og mot Noreg meir sannsynleg. Det vil avgrense vårt politiske handlingsrom i ei krise og vil i svært avgrensa grad tilføre vesens auka militært spelerom, med mindre me etablerer svært store strike-kapasitetar. Allereie i dag er dette dels ein røyndom gjennom Noreg si investering i F35 jagarfly, men med auka kapasitet, og særleg kapasitet som kan operere

djupt inn i ei russisk nektingsone og som ikkje har vesentlege andre roller, så vil utfordringar bli langt viktigare i verdivurderinga av Noreg som trugsel som må nøytraliserast.

Litteraturliste

- Adamsky, Dmitry. "From Moscow with Coercion: Russian Deterrence Theory and Strategic Culture." *Journal of Strategic Studies* 41, no. 1-2 (2018/02/23 2018): 33-60.
- Arreguín-Toft, Ivan. "How the Weak Win Wars: A Theory of Asymmetric Conflict." *International Security* 26, no. 1 (2001): 93-128.
- Bartlett, Henry C, G Paul Holman, and Timothy E Somes. "The Art of Strategy and Force Planning." *Naval War College Review* XLVIII, no. 2 (1995).
- Blackmore, David S.T. *Warfare on the Mediterranean in the Age of Sail: A History, 1571-1866*. Jefferson: McFarland Incorporated Publishers, 2011.
- Bragstad, Hanne H. "Avskrekking Og Beroligelse I Norsk Sikkerhetspolitikk Overfor Russland." Master thesis, Norwegian Defence College, 2016.
- Braudel, Fernand. *The Mediterranean and the Mediterranean World in the Age of Philip II* Vol. 1, New York: Harper & Row, 1976.
- Børresen, Jacob. *Torskekrig! : Om Forutsetninger Og Rammer for Kyststatens Bruk Av Makt*. Oslo: Abstrakt forl., 2011.
- Carlsson, Märta, Johan Norberg, and Fredrik Westerlund. "Military Capability of Russia's Armed Forces in 2013." *Russian Military Capability in a Ten-Year Perspective—2013* (2013): 31.
- Corbett, Julian S. *Principles of Maritime Strategy*. Edited by London. Dover Publications, 1911:2004.
- . *Some Principles of Maritime Strategy*. London: The Project Gutenberg eBook, 1911:2005.
- Fitzsimmons, Michael. "Horizontal Escalation: An Asymmetric Approach to Russian Aggression?". *Strategic Studies Quarterly* 13, no. 1 (2019): 95-133.
- Gorshkov, Sergei G. *The Sea Power of the State*. Annapolis: Naval Institute Press, 1979.
- Gray, Colin S. *Modern Strategy*. Oxford: Oxford University Press, 1999.
- Hattendorf, John B. "The Idea of a Fleet in Being in Historical Perspective." Newport: Naval War College, 2014.
- Hobson, Rolf, and Tom Kristiansen, eds. *Navies in Northern Waters, 1721-2000*. London: Frank Cass, 2004.
- Holmes, James R. "Small Navy, Strong Navy." *The Diplomat*.
- Holst, Johan Jørgen, Kenneth Hunt, and Anders C. Sjaastad. *Deterrence and Defense in the North*. Norwegian Foreign Policy Studies (Printed Version). Oslo: Norwegian University Press, 1985.
- Hooker Jr, Richard D. "Beyond Vom Kriege: The Character and Conduct of Modern War." *Parameters* 41, no. 4 (2011): 1.
- Howard, Michael. "The Forgotten Dimensions of Strategy." *Foreign Affairs* 57 (1979): 975.
- Jensen, Benjamin M. *Forging the Sword: Doctrinal Change in the U.S. Army*. Stanford: Stanford University Press, 2016.
- Jeppsson, Tommy, and Inge Tjøstheim. *Militärstrategiskt Tänkande I Ett Småstatsperspektiv: En Nordisk Syn På Militärstrategins Roll*. Krigsvetenskapliga institutionen, Försvarshögskolan, 2005.
- Liotta, P. H., and Richmond M. Lloyd. "From Here to There: The Strategy and Force Planning Framework." *Naval War College Review* 58, no. 2 (2005): 121.
- Luttwak, Edward N. *Strategy: The Logic of War and Peace*. London: Belknap Press of Harvard UP, 2001.
- Mahan, Alfred Thayer. *Naval Strategy Compared and Contrasted with the Principles and Practice of Military Operations on Land: Lectures Delivered at U.S. Naval War College, Newport, R.I., between the Years 1887 and 1911*. Boston: Little, Brown, and Company, 1911.
- Maiolo, Joseph A., and Thomas G. Mahnken. *Strategic Studies : A Reader*. 2nd ed. London: Routledge, 2014.
- Markey, Daniel. "Prestige and the Origins of War: Returning to Realism's Roots." *Security Studies* 8, no. 4 (1999/06/01 1999): 126-72.
- Rubel, Robert C. "Getting a Grip on Tailored Deterrence: The World of Conflict Management." *Orbis* 56, no. 4 (2012): 676-91.
- Stone, John. "Conventional Deterrence and the Challenge of Credibility." *Contemporary Security Policy* 33, no. 1 (2012): 108-23.
- Strømmen, Tor Ivar. "Ei Historisk-Strategisk Analyse Av Skandinavisk Sjømakt, 1522-1814." Master, Universitetet i Bergen, 2016.
- Till, Geoffrey. *Seapower: A Guide for the Twenty-First Century*. London: Frank Cass, 2004.
- Vego, Milan. *Operational Warfare at Sea: Theory and Practice*. 2. ed. London: Routledge: Taylor & Francis, 2017.
- von Clausewitz, Carl, Michael Howard, Peter Paret, and Bernard Brodie. *On War*. Princeton University Press, 1989.
- Wagner, R. Harrison. "Peace, War, and the Balance of Power." *American Political Science Review* 88, no. 3 (1994): 593.
- Widén, Jerker, and Jan Ångström. *Militärteorins Grunder*. Stockholm: Försvarsmakten, 2004.

Orlogskaptein Tor Ivar Strømmen er hovudlærer i maritime operasjonar ved Sjøkrigsskulen og forskar i Prosjekt Sjømakt 2040. Dertil er han Noreg sin representant i Newport Arctic Scholar Initiative og involvert i fleire andre forskingsprosjekt. På Forsvarets høgskule/Sjøkrigsskulen underviser han i ei stor bredde av fag inklusive den Sjøoperative fordjupinga til stabsstudiet. Frå hausten 2019 er Strømmen doktorgradsstipendiat og skal forske på sjømaktsteori og maritim operasjonskunst i ein norsk kontekst. Dei faglege interessene til Strømmen famnar vidt, men han er særleg engasjert i sjømaktsteori, sjøkrigshistorie, maritim operasjonskunst, tryggingsspolitikk og strategiske studiar. Han har publisert vitenskapleg, fagleg og populærvitenskapleg både i inn- og utland.

Strømmen har ved sidan av si sjøkrigsskuleutdanning også mastergrad i historie frå UIB og ingeniørutdanning frå NTH. Han har 22 år teneste i Sjøforsvaret, derav ca. 15 år i operativ teneste i inn og utland. Sist som N3 i Marinen (2011-14). Han har tenestegjort ved Sjøkrigsskulen sidan 2016.

Utover forskning og undervising, så er Strømmen også medlem i Sjømilitære Samfund si seminargruppe som arrangerer Sjømaktseminara. Han er dessutan assosiert medlem i Sjømilitære Samfund si maritime strategigruppe (MARSTRAT), og er ein aktiv debattant i forsvarsdebatten og mykje brukt føredragshaldar om Forsvaret, forsvarpolitikk og strategi.

Strømmen er gift med Annabelle og har to barn. Dei er busett i Bergen.

E-post: tstromme@fhs.mil.no
Tlf: 0540 8820 / 5551 8820

S J Ø M A K T 2 0 4 0



Sjøkrigsskulen